


# Årsmelding Noregs Mållag 2014–2016





# **Årsmelding for Noregs Mållag 2014–2016**

## med arbeidsprogram for 2014–2018

### **Innhald**

- 4** Føreord
- 5** Leiар
- 6** Nynorsk som nasjonalspråk
- 16** Nynorsk som fyrstespråk
- 24** Samskipnaden
- 33** Økonomi
- 40** Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde
- 42** Norsk Målungdom
- 43** Nærskylde
- 48** Vedlegg og statistikk

Form: Kjartan Helleve

Trykk: CopyCo

Opplag: 500



**Styret i Noregs Mållag 2014-2016:** Frå venstre: Karl Peder Mork (Norsk Målungdom. Synnøve Marie Sætre frå 2015), Emil André Erstad, Janne Nygård, Bodil Vinjevoll (1. vara), Marit Aakre Tennø (leiar), Sigbjørn Hjelmbrekke (nestleiar), Ingrid Fiskaa og Haakon Aase.

## Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for perioden 2014–2016 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 19. februar 2014 til 1. mars 2016. Dei siste vekene fram til landsmøtet vil bli oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidsbolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljug medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i perioden. Sjukefråværet har vore 153 dagsverk i 2014 og 24 dagsverk i 2015, noko som utgjer 11,5 og 1,8 prosent. Storparten av fråværet skriv seg frå langtidssjukemelding. Arbeidsmiljøet blir rekna som godt, og Noregs Mållag følgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønnpolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2014 gjekk 278 000 kroner i overskot og i 2015 1 014 000 kroner i overskot. Den samla eigenkapitalen er eit godt grunnlag for drift dei komande åra.

Årsmeldinga er ein rapport for dei første to åra av den fireårige arbeidsprogramperioden frå 2014–2018. Teksten følgjer strukturen i arbeidsprogrammet så langt det lèt seg gjere. Årsmeldinga omtaler i hovudsak arbeid som er gjort eller som det er teke initiativ til frå

styret og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtaler dessutan noko av det arbeidet lokal- eller fylkeslag gjer og også tilskipingar og særskilde hendingar som nærskyldde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yte rettferd til det store arbeidet som blir lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danne grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg har årsmeldinga ein viktig funksjon som ein rapport frå Noregs Mållag til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnerar. Språkrådet rapporterer tidvis gjennom eigne rapportar om språkstatus på ulike felt, og Nynorsk kultursentrums gjev ut det omfattande faktaoversynet Språkfakta, sist gong hausten 2015. Årsmeldinga til Noregs Mållag dekkjer i hovudsak målreisinga og det arbeidet som blir lagt ned for å styrkje nynorsken sin plass. Saman gjev desse tre ulike rapportane eit utfyllande oversyn over stoda for nynorsken. Styret har lagt vekt på å gje årsmeldinga ei utforming som òg gjer ho interessant for lesarar utanfor Noregs Mållag, sjølv om den primære målgruppa er samskipnaden.

OSLO, 29. FEBRUAR 2016

Marit Aakre Tennø (leiar) | Sigbjørn Hjelmbrekke (nestleiar) | Haakon Aase | Emil André Erstad  
Ingrid Fiskaa | Janne Nygård | Synnøve Marie Sætre (Norsk Målungdom) | Bodil Vinjevoll (1. vara)  
Gro Morken Endresen (dagleg leiar)



*Leiar i Noregs Mållag 2013–2016: Marit Aakre Tennø*

## Leiar

For første gong i moderne tid har det gått to år sidan det sist vart produsert ei årsmelding. 2014 var det siste året med årlege landsmøte, no skal landsmøta vere annakvart år. Og difor er det altså to år vi oppsummerer i dette heftet.

To år som starta med eit smell då Noreg fekk si eiga Grunnlov på nynorsk. Så mykje byrgskap som folk kjende då vedtaket kom, hadde eg ikkje venta. Heller ikkje kor mykje moro vi skulle ha med Grunnlova. Korleis vi heiv oss rundt og produserte plakatar som vi sende til alle dei vidaregåande skulane i heile Noreg, og korleis det å reise rundt med ein pappversjon av Grunnlova i ein bil skapte glede dit vi kom. At det viktigaste dokumentet for demokratiet i Noreg skulle kome på nynorsk, medan det i 200 år hadde vore på dansk, gjorde at folk kjende seg anerkjende som «nynorskingar», sjølv om dei færreste av oss les Grunnlova jamleg.

Sjølv om perioden vi skildrar i dette heftet starta med eit smell, så har dei siste to åra vore prega av saker med mindre «sus» over. Svært mykje av det politiske arbeidet har handla om noko så traust som kommunane. Korleis dei forvaltar språket eller mangelen på forvalting. Saka om kommunesamanslåing er eit godt døme på det. Sidan førre landsmøte har fleire kommunar sett seg til forhandlingsbordet, og det har blitt tydeleg at kritikken til Mållaget har vore rett. I alle dei

tilfella der kommunar med ulikt administrasjonsspråk har forhandla om nye kommunegrenser, har språket synt seg som eit av dei vanskelegaste spørsmåla. Og det syner seg at kampen for nynorsk i desse eventuelle nye kommunane er knallhard. Bokmåls- og nøytrale kommunar vil ikkje forplikte seg til meir nynorsk. Og nynorskkommunar i mindretal har lite å stille opp med. Kommunane er òg viktige i saka om nynorsk-opplæring for vaksne innvandrarar. Då mållaget sende rundt førespurnader til kommunane om kva språk dei dreiv denne opplæringa på, så syntet det seg at det var urovekkjande mange som ikkje visste. Kommunane i Noreg tek alle imot nye innbyggjarar i form av innvandrarar og arbeidsinnvandrarar, i nokre nynorsk-kommunar utgjer denne gruppa samla opp mot 15 prosent av folket. At kommunane då ikkje i det heile har tenkt gjennom kva språklege konsekvensar det får å gje alle desse bokmålsopplæring, syntet oss at her trengst Noregs Mållag. Berre på eit halvt år nærmar vi oss no ti kommunar som har gått frå bokmålsopplæring til nynorskopplæring. Konkret, lokalt målarbeid verkar, og desse to åra har synt nok ein gong at gode, sterke lokallag er ryggmergen i ei sterk målrørsle og i kampen for meir nynorsk!

Marit Aakre Tennø  
Leiar i Noregs Mållag



# Nynorsk som nasjonalspråk

Noreg har to skriftspråk med ulikt historisk opphav. Bokmålet har bakgrunn i dansk-norsk skrifttradisjon og har festa seg som dominerande skriftspråk i landet. Nynorsk er det skriftspråket som byggjer på dei norske dialektane og det språket som står under press. Mindretalsspråket er avhengig av at fleirtalet er villig til å læra seg både språka. Staten har eit ansvar for å sikra dei to språka like konkurranseskilskjøring gjennom positiv særbehandling, ved å sikra ålmenn kompetanse i både språka og ved dei statlege målbruksreglane. Også bokmålsbrukarar har ansvar for å bidra til den nynorske tekstproduksjonen i samfunnet. I dette synspunktet har me offisiell, norsk språkpolitikk på vår side. Noregs Mållag skal arbeida for at dei språkpolitiske målsetnadene frå stortingsmeldinga "Mål og mening" blir fylgde opp med konkrete politiske tiltak.

## 3.1 Offentleg målbruk

Mållova har hatt stor politisk støtte sidan ho vart innførd, men nokre har teke til orde for dramatiske endringar i lova. Noregs Mållag må forsvara mållova i komande periode. Me må synleggjera kor viktig mållova er for nynorsken, og arbeida for strengare oppfylging. Organisasjonen skal arbeida for at kommunar og fylkeskommunar må ta eit større ansvar for nynorsken. Døme kan vera arbeid for å gje Bergen til nynorskbyen på Vestlandet.

## SPRÅKLOV

Heile toårsperioden har det vore snakk om at regjeringa vil legge fram ei ny språklov og at denne lova vil erstatte mållova vi har i dag. Mållaget har hatt møte både med statssekretæren i Kulturdepartementet og

med fleire andre politikarar om saka. Vi har også hatt møte med Språkrådet for å legge fram synspunkta våre, då dei har vore med i arbeidet saman med Kulturdepartementet. Styret har drøfta saka på fleire møte, men utan eit framlegg å ta utgangspunkt i, er det framleis vanskeleg å vite nøyaktig kvar striden til sist vil stå. Denne saka har teke lengre tid enn venta. Truleg har skiftet av kulturminister medverka, og no er det uklårt om eller når lova blir lagd fram.

Sommaren 2015 laga Mållaget flygebladet «Kommunal nynorsk» som tek føre seg god språkpolitikk i kommunane og åtvarar mot negative konsekvensar for nynorsken i eventuelle kommunenesamslåingar. Flygebladet vart brukt av fleire lokallag i valkampen, og før jul 2015 sende vi ein omvølt versjon til mest alle kommunestyrerepresentantar i Noreg, som del av ein verveframstøyt overfor politikarane.

## WWW.STORTINGET.NO

Stortinget er ikkje regulert av mållova, og vi kan difor ikkje krevje at dei skal veksle mellom nynorsk og bokmål. Vi har likevel arbeidd med saka fordi det er uheldig at Stortinget sjølv ikkje bryr seg om å representera både nynorsk og bokmål på ein god nok måte. Då dei presenterte nye nettsider i mars 2015, var det med val mellom nynorsk og bokmål på toppnivå. Det gjer at ein kan få alle faste overskrifter på det språket ein vil. Går ein litt lenger ned i strukturen, er det likevel langt mellom nynorsksakene, og særleg er undervisningsportalen deira som rettar seg mot ungdomsskule og vidaregåande skule, dårlig. Dei har lova å vere medvitne om å vareta både nynorsk og bokmål. Likevel må nok vi følgje opp med jamne mellomrom for å sjå til at resultatet blir godt nok.

## WWW.REGJERINGA.NO

I desember 2014 lanserte regjeringa nye nettsider. Samstundes endra dei sidene frå å ha parallelle nynorsk- og bokmålssider på brukargrensesnittet, til å ha ei felles side der dei skulle veksle mellom nynorsk og bokmål. I denne løysinga valde dei mellom anna å halde fast ved www.regjeringen.no og slutte å bruke det som ville ha vore ei god fellesform; www.regjeringa.no. Mållaget reagerte med det same, og regjeringa lova å bli betre. Våren 2015 skreiv vi brev til Departementas tryggleiks- og serviceorganisasjon (DSS) som er ansvarleg for sidene, då det framleis var nesten berre bokmål å sjå. Vi peika mellom anna på at mest ingen statsetatar hadde synlege nynorsknamn i nettløysinga, og at det bryt med reglane i mållova. Vi tok også opp at det var særleg uheldig at valportalen deira berre fanst i bokmålsversjon www.valg.no. Samstundes organiserte vi eit felles utspel frå oss og fleire ordførarar med krav om å få meir nynorsk på nettsidene. Ordførarane var Bjarne Eiolf Holø (Sp) i Lom, Bjørn Sandnes (H) i Haram, Alfred Bjørlo (V) i Eid, Marta Halset Finden (Ap) i Vik, Astrid Aarhus Byrknes (KrF) i Lindås, Kyrre Lin-danger (Ap) i Bokn og Arne Vinje (SV) i Vinje.

I mai 2015 svara DSS at det ikkje er aktuelt å gå attende til språkversjonerte sider, men at dei sjølv sagt må oppfylle lovkrava. Dei ville ta til på eit arbeid om korleis dei kunne løyse spørsmålet om å synleggjere etatsnamna på både bokmål og nynorsk og informere oss når det var på plass. Nokså raskt etterpå var valportalen på plass på nynorsk, men under nettsida www.val.dep.no fordi www.val.no er i bruk av ein privat aktør. Vi er ikkje i mål når det gjeld etatsnamna på www.regjeringa.no, og vil følgje opp det arbeidet i perioden som kjem.

## TINGRETTANE

Hausten 2015 kom Domstoladministrasjonen med eit framlegg om å redusere talet på tingrettar kraftig. Fleire av tingrettane som i dag har nynorsk administrasjons-språk, var tenkt samanslegne med og flytt til nabotingrettar der bokmål er språket. Mållaget reagerte med pressemelding og peika både på svekkinga av nynorsken ved desse institusjonane, og på at det nynorske jusspråket meir ålm̄ent kan bli svekt og vanskelegare å bruke dersom det samla er for få arbeidsplassar der fagspråket er i dagleg bruk og slik går føre med å synleggjere godt språk. I november vedtok justiskomiteen på Stortinget at dei ville legge saka bort, og dimed vart det ingen samansläingar denne gongen.

## NAV

På vårseminaret i Fredrikstad i mars 2015 tok Mållaget initiativ til eit meir strukturert arbeid med å sjå til at statsetatane følgjer mållova. Vi planla å samarbeide på tvers av organisasjonsledd og konsentrere oss om éin etat om gongen. Først ut var NAV, og det arbeidet kom

i gang i desember 2015. Vi sende flygeblad, framlegg til klagebrev og informasjon om arbeidet i lagssending før jul. Samstundes har vi hatt timeløna hjelp på kontoret som har gått gjennom sentral informasjon fra NAV, dvs. ein del av nettsidene og skjema til alle føremål.

Av dei om lag 300 skjemaa vi har sett gjennom på NAV, var det berre ti som ikkje låg føre på nynorsk. Det er likevel problematisk at ein må klikke seg gjennom fleire sider med bokmål for å kome fram til skjemaet der nynorsken endeleg finst. Det er heller ikkje like oppløftande resultat for vedlegga som for sjølve skjemaa.

Nokre få personar og lag har sendt førespurnader om klagesaker, og vi har følgt opp dei førespurnadene vi har fått.

## VINMONOPOLA

I 2012 vann Voss Mållag fram med at Vinmonopola skal rette seg etter mållova og difor skilte på nynorsk og elles ha informasjonen på nynorsk ved alle utsal som ligg i nynorskkommunar. Seinare har vi registrert at mange har gått over til nynorsk, men var usikre på om det galtdt alle. I vinter har vi teke kontakt med alle utsala (49 stk), og resultatet var oppløftande. I faste skilt er det berre eitt utsal som ikkje har skift til nynorsk enno (Sauda). På hyllekantane (produktinformasjonen) er det fem som framleis har bokmål, åtte som har både bokmål og nynorsk og resten berre nynorsk. Fleire av dei som framleis har litt eller berre bokmål, gav uttrykk for at dei framleis var i omleggingsfasen og at dette ville endre seg med tida til hjelpe. Anna informasjonsmateriell er i hovudsak på nynorsk ved 41 av utsala, medan to har berre bokmål og seks utsal båe delar. Diverre har framleis nettsidene for kvart av utsala bokmål. Dei ligg under den sentrale portalen, og alle blir presenterte på same måte.

## NYNORSKBYEN BERGEN

I perioden har Mållaget gjort fleire framstøytar for å legge til rette for at Bergen kan bli nynorskbyen. Hausten 2014 var Nynorskstafetten i omlandet rundt Bergen nokre dagar og drøfta mellom anna stoda for nynorskelevane ved nokre skular der nynorsken er på vikande front. Vi støtta også opp om Bergenskonferansen, både økonomisk og med deltaking frå sentrallekken. Vi har vore i kontakt med politikarar, hatt møte med Hordaland fylkeskommune og med skulebyråden i Bergen. Målet er å påverke skulepolitikken slik at vilkåra for nynorskelevane blir betre, og vi vil følgje særleg skulesakene tett også i neste periode. I 2015 løyvde vi også pengar til Hordaland Mållag med sikte på at dei kan få på plass ein prosjektmedarbeidar i 2016, som i ein periode kan arbeide konsentrert med å følgje opp viktige saker.



TO FLOGER I EIN SMEKK: Gudrun og Halldis Folkedal feirar den ferske Grunnlova 17. mai 2014. (Foto: Kjartan Helleve)

Styret og skrivarstova skal arbeida for å få møte med statsetatar om oppfølging av mållova. Folkeregisteret har eit felt for "målform" som i dag viser kommunens målform. Som privatperson bør me kunna velja vår eiga "målform" slik at me kan få offentlege brev på vår primære målform. Frå folkeregisteret hentar mange instansar adresseendringar og bør også få tilgang til vår målform, via det nye Partsregisteret i Altinn.

## MØTE MED STATSETATAR

I november 2014 hadde Noregs Mållag møte med Lotteri- og stiftelsestilsynet. Tilsynet er ei av dei statlege verksemndene som er aller best på å oppfylle mållova og som på eige initiativ går lenger enn mållova krev med veksling mellom nynorsk og bokmål. Noregs Mållag ønskete å møte tilsynet for å lære meir om korleis dei praktiserer språkpolitikken i sin organisasjon. Lotteri- og stiftelsestilsynet har valt å ha sidene sine både på nynorsk og på bokmål, og nynorsksidene er dei du kjem til først. Du må aktivt velje bokmål om det er det du vil ha. Dei melder at dette ikkje er teknisk vanskeleg og heller ikkje ei stor praktisk utfordring. Tilsynet seier òg at mållova er avgjerande for at dei skal kunne levere så mykje nynorsk som dei gjer i dag.

Vi har ikkje fått arbeidd med målformregistrering i Folkeregisteret i denne perioden.

Noregs Mållag skal arbeida for at programvare som blir brukt i det offentlege, skal finnast tilgjengeleg på både nynorsk og bokmål til same tid og same pris, og at informasjonen om slik programvare blir gjort kjend.

Vi har ikkje fått arbeidd med programvare i denne perioden.

Dei fleste partia i Noreg ynskjer færre og større kommunar. I mange tilfelle vil me kunna få samanslåingar av kommunar med ulike målvedtak, og det vil skapa vanskar for nynorsken. Ved vurdering av kva kommunar som skal slåast saman, må ein ta språklege omsyn. Noregs Mållag vil åtvara mot kommunesamanslåingar som avgrensar nynorsk administrasjonsmål.

Alle nivå i organisasjonen må arbeida saman for at eventuelle framtidige kommunesamanslåingar fører til at nynorsken vert styrkt som tenestemål og administrasjonsmål. Truleg vil likevel mange av kommunane landa på eit vedtak om å vera «språknøytrale». Det er viktig for nynorsken at eit vedtak om nøytralt administrasjonsmål kan fyllast med vilje og evne til å vera reelt tospråkleg. Mållova og sidemålsordninga er to avgjande berebjelkar for ei slik evne.

Noregs Mållag må saman med andre krefter utforma ein strategi og ei rettleiing for korleis slike kommunar kan vera reelt tospråklege.

## KOMMUNEREFORMA

Hausten 2014 lanserte Mållaget rapporten «Rapport om kommunereforma - Frå Askvoll til Åseral». Rapporten er skriven av Jens Kihl og Kåre Lilleholt, og tek føre seg resultatet av kommunereforma på 60-talet i tillegg til å streke opp aktuelle problemstillingar og moglege løysingar for å sikre nynorsken i den noverande prosessen. Rapporten er spreidd både til eigen organisasjon og til sentrale og lokale politikarar, og har vore eit nyttig grunnlagsdokument for arbeidet i denne perioden.

I mai 2014 var vi på høyring i kommunalkomiteen om den framlagde kommuneproposisjonen (Prop 95 S), og vi følgde opp med fleire medieutspel med standpunktå våre og med møte med politikarar, også med saksordførar Helge André Njåstad, Frp, i kommunalkomiteen. Proposisjonen hadde i utgangspunktet omtalt at ein måtte sikre at ikkje samanslåingar vart skadelidande for samisk, men hadde ingen slike formuleringar om nynorsk. I den endelige proposisjonen heiter det: «Komiteen merker seg at regjeringa er opptatt av samisk språk og vil vektlegge at samiske språkbrukarar ikkje skal koma därlegare ut som følgje av endringar i kommuneinndelinga. Komiteen ber også om at forholdet til nynorsk som målform får same fokus slik at nynorsk som målform ikkje vert skadelidande som resultat av reforma.» Vi skal vere varsame med å gå ut frå at Stortinget vil «passe på» nynorsken ut frå dette vedtaket. Det er likevel eit langt steg framover frå det første utspelet vårt om at språk måtte telje med, då Bent Høie uttalte til NRK Rogaland at «av alle tynne argument eg har hørt mot kommunesamanslåing, så er dette det aller tynnaste».

Det er stor variasjon i kor langt forhandlingane om grunnlaget for samanslåing har kome ulike stader i landet. Gjennom mest heile perioden har Mållaget difor drive påverknadsarbeid og samarbeidd med eigne lag om prosessen i ulike kommunar. Mest tid har vi likevel brukt på møte med ordførarar og andre i kommunaleiinga for å få dei til å løfte fram språk som ei av dei viktige avgjerdene i forhandlingane.

Styret har halde innleiing om emnet hjå fleire lokal- og fylkeslag, og har også hatt saka oppe på eigne seminar og i landsrådet.

## MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen tok hausten 2015 opp spørsmålet om Møre og Romsdal burde gå over frå nynorsk administrasjonsmål til språknøytralt. Grunngjevinga var særleg at mange sakshandsamarar fann det vanskeleg å skrive

god nynorsk, og at fylkeskommunen ikkje var tent med den ekstra tidsbruken på språkvask eller i verste fall å sende frå seg saker med därleg språk. Noregs Mållag arbeider vinteren 2016 saman med LNK, Nynorsk kultursentrum, NMU og nokre politikarar for å nå gjennom i fylkestinget med gode argument for å halde fast ved nynorsken. Sentrallekken og fylkeslaga i Møre og Romsdal samarbeider også tett om saka.

Regjeringa har sett i gang arbeidet med å endra Lov om stadnamn. Grunneigar skal få meir, eller all, innverknad på skrivemåten av namnet på eige gardsbruk. Noregs Mållag vil fylgja med i arbeidet og gjera sitt til å hindra utvatning av lova og gjeva høyringssvar når framlegget kjem.

## STADNAMNLOVA

Stadnamnlova har vore til handsaming i Stortinget med framlegg til fleire endringar. Mållaget har særleg vore oppteke av framlegget som har handla om å la brukseigarane sjølv få avgjere skrivemåten på namnet på bruksket, der det tidlegare har vore Statens kartverk som har hatt siste ordet. Vi sende inn skriftleg høyringsfråsregn hausten 2014 og deltok på munnleg høyring i komiteen i mai 2015. Diverre vann ikkje synspunkta våre fram, og vi er uroa for at dei nedervde namneformene fleire stader no kan forsvinne til fordel for vanskelegare skrivemåtar som i stor grad feste seg i mange etternamn under dansketida.

### 3.2 Nynorsk som sidemål

Noregs Mållag vil arbeida for at alle elevar møter nynorsk alt frå barnehagealder og at dei lærer å bruka språket gjennom heile skulegangen. Mållaget skal arbeida for at styresmaktene set i gang eit positivt sidemålsforsøk for nynorsk, der alle bokmåselevar på eit årskull nyttar nynorske læremiddel og får undervisninga på nynorsk i eitt fag. Noregs Mållag vil arbeida for at alle elevane vert prøvde både i hovudmål og i sidemål på eksamen på studiespesialiserande utdanningsprogram og på påbyggingsåret som gjev generell studiekompetanse. Krava til hovudmåls- og sidemålssvara skal vera dei same. Sidemåls- og hovudmålseksamen skal vera samstundes, men på to ulike dagar. Noregs Mållag meiner at gjeldande sidemålsordning i grunnskulen skal halda fram.

Noregs Mållag vil òg arbeida for at elevar med minoritetsbakgrunn får oppfylt retten til å skriva nynorsk. Mange elevar med minoritetsbakgrunn vert i dag fritekne frå undervising og vurdering i sidemål. Det gjeld òg mange av dei som er fødde og oppvaksne i Noreg. Praktiseringa av lovverket må vurderast.



**NYNORSK I DONALD:** For første gong sidan 80-talet trykte Donald Duck eigne historier på nynorsk. Heftet vart raskt utsett og eit nytt opplag måtte tingast. (Foto: Erik Grov)

## NYNORSK I ANDRE FAG ENN NORSK

For elevar med bokmål som hovudmål er sidemålsopplæringa det einaste faglege møtet med nynorsk. Dimed blir organiseringa av og innhaldet i sidemålsopplæringa avgjerande for kor mykje nynorsk det store fleirtalet av skuleelevar i Noreg lærer. Mange skular prøver nye metodar i opplæringa. Viktigast er arbeidet med å la elevane bruke nynorsk som arbeidsspråk utanfor norsktimane. Det finst fleire opplegg for å leggje nynorsk bruk inn i opplæringa, mellom anna bruk av Facebook i timane, med det vilkåret at alle elevane skriv nynorsk der.

Framleis er det skular som bruker «åndalsnesmodellen»: at elevane i eit anna fag enn norsk bruker nynorsk som tavlespråk og nynorske lærebøker.

Det direkte propagandaarbeidet andsynes elevane er det Norsk Målungsdom som syter for, men Noregs Mållag har òg vore på mange skulebesøk i perioden og halde føredrag for hundrevis av skuleelevar.

## TIDLEG START

I revisjonen av norskfaget i 2013 kom det inn kompetansemål på mellomsteget som i stor grad inviterte til tidleg start med sidemål. Fleire lokallag har arbeidd for at skular i nærområdet skal gjennomføre prosjekt med tidleg start, og det finst også prosjekt i regi av

Nynorsksenteret som arbeider med det. Vedtaket i Bergen bystyre i fjor om forsøk med tidleg start er også gledeleg. All forsking tyder på at mengdetrenings er viktig, og at til tidlegare bokmålselevane tek til med nynorsk, til betre blir dei. Det er difor eit viktig arbeid som er gjort med å få skulane til å endre praksis i tråd med dei nye læreplanane.

### Tverrfagleg skriveopplæring

I Kunnskapsløftet er lesing og skriving grunnleggjande ferdigheter i alle fag. Noregs Mållag vil arbeida for at nynorsk er medrekna når lese- og skriveferdigheter blir konkretiserte i undervisninga. Noregs Mållag vil arbeida for at skular, lærarutdanningane, forlag som tilbyr opplæringsmateriell og dei nasjonale opplærings-sentra legg til rette for nynorskopplæring i alle fag.

## FORUM FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

I fleire år hadde Noregs Mållag eit samarbeid med Utdanningsdirektoratet og fleire nærskyld organisaasjonar gjennom dette forumet. I 2013 og 2014 låg dette forumet brakk, og vi tok initiativ til å få i gang att møta frå vinteren 2015. Forumet har ein nyttig funksjon for å få løfta fram saker som er viktige for oss, og både

språkdelte ungdomsskular, nasjonale prøvar, språklege rettar for barnehageelevar og tilsyn med korleis det står til med nynorsktiboden for nynorskelevar har vore på dagsordenen i perioden.

### 3.3 Tospråkleg oppvekst

Born over heile landet bør få møta nynorsk så tidleg som mogleg. Lokallaga i Noregs Mållag må arbeida for at barnehagar skal lesa nynorskbøker og høyra på nynorske lydbøker.

Sentrallekken skal halda fram med samtalane med leiinga i NRK og inspirera dei til å halda fram den gode utviklinga når det gjeld språket i barneprogram. Ein bør òg prøva å få til møte med representantar for kommersielle barnekanalar. Målet må vera at alle born som veks opp i Noreg, oppfattar nynorsk som ein naturleg og sjølvsagd del av den språklege kvardagen.

## MØTE MED KRINGSKASTINGSSJEFEN

Éin gong i året har Mållaget, Kringkastingsringen og Norsk Målungsdom møte med kringkastingssjefen. På møtet i 2015 var det særleg snakk om korleis NRK arbeider med dialektrøkt, at dei har bede alle redaksjonane om å bruke meir nynorsk på nettet og at dei var i gang med å tilby nynorskkurs for medarbeidarar. I ei medieverd i stor endring er det tydeleg at NRK er oppteken av eigenarten sin som ein styrke i eit framtidsperspektiv, og samfunnsoppdraget med å spegle språk- og kulturmangfaldet er ein viktig del av det.

Sommaren 2014 sende Noregs Mållag brev til NRK og tok til orde for at normert nynorsk er ein viktig del av arbeidet deira. Dialekt har dei siste åra fått sleppe til på fleire område der normert språk før var standard, og det vil vere uheldig om normert nynorsk skulle forsvinne som språkleg lydbilete for folk. NRK har vore til stor hjelp for dei som skal lære nynorsk, og vil vere det også framover, sjølv om dei no har større konkurranse frå andre medium.

## MØTE MED NRK SUPER

I august 2015 kunne NRK Super rapportere om 26 % nynorsk i statistikken (18 % normert nynorsk og 15 % dialekt som blir fordelt mellom bokmål og nynorsk). Dei arbeider systematisk og godt, og det er gledeleg å sjå at det har gjeve resultat kvart år etter at dei tok språkvekslinga på alvor. NRK Super starta i desember 2007 og hadde dei første åra altfor lite nynorsk. I 2010 kunne dei berre vise til 9 % nynorsk, og det ligg viktige prioriteringar bak det no langt betre resultatet.

## KINOTEKSTING

I 2008 vart *Tropa de Elite* den første kinofilmen med nynorske undertekstar på eit par tiår, og den siste på analog film. I 2010–2011 vart alle norske kinoar

digitale. I staden for å måtte vente på fysiske filmrullar, fekk kinoane tilsendt digitale visningsfiler. Kostnadene med å distribuere kinofilm gjekk dramatisk ned, og det vart råd å sende ut filmar med undertekstar både på nynorsk og bokmål. Kinoane må likevel velje nynorsk aktivt. *Få meg på, for faen* (2011) var den første filmen som vart distribuert med to sett undertekstar. Mållaget var med på å finansiere den nynorske tekstinga.

I 2015 kom det heile sju kinofilmar med nynorske tekstar; *Kvinner i for store herreskjorter* (berre nynorsk), *Skammerens dotter*, *Reisa til Fjørkongens rike*, *Der vindane møtes*, *Draumen om MGP jr.*, *Sosken til evig tid: Amerikareisa* (berre nynorsk) og *Hevn*. Mållaget oppmoda lokallaga og medlemene om å be om at deira lokale kino nytta dei nynorske undertekstane. Det gav nokre konkrete resultat, til dømes på kinoen i Kristiansand. Filmdistributør Stig Brekke i Kontextfilm fekk det eine 2015-stipendet frå Noregs Mållag for å lage ei DVD-utgåve av *Reisa til Fjørkongens rike* og til å dubbe eller tekste ein ny film til nynorsk.

Frå 2012 vart det krav om at alle nye filmar som fekk offentleg støtte skulle synast med undertekstar. I samband med premieren på *Hevn*, sende Mållaget ut ei pressemelding med oppmoding om at det også bør kome eit krav om at alle nye norske filmar blir distribuerte med nynorske undertekstar som eit val. Fylkesmållaget Vikværingen hadde hausten 2015 eit eige møte om nynorsk film, der dette var eitt av emna.

## DONALD

I januar 2015 snakka ein karakter i bladet *Donald Duck & Co* nynorsk. Framtida.no plukka opp saka, og Mållaget sa at det burde kome eit heilt hefte på nynorsk. Donald-redaktør Marius Moland sa til nettavisat at han skulle vurdere det om «dei startar eit Facebook-opprop eller fakkeltog». Skrivarstova laga då Facebook-sida «Nynorsk i Donald? Ja takk», som no har 2285 likrar. Skrivarstova fekk så i stand eit møte med Donald/Egmont Forlag om eit mogleg nynorskhefte. Egmont hadde alt løysinga klar; ei nyutgjeving av Eggemysteriet, nokre relativt nyskrivne Donald-historier sette om til nynorsk, pluss eit par artiklar om språk. Egmont bad skrivarstova om hjelp til å finne artikkelforfattarar, noko som enda med at Rolf Theil skreiv ein artikkel om språk, og Kjartan Helleve skreiv ein artikkel om songar i Eggemysteriet. Heftet vart ein del av Donald i skulen-serien. Heftet kom i butikkane i romjula 2015. Heftet vart raskt utsett og eit nytt opplag vart trykt.

### 3.4 Nynorsk på alle område

Noregs Mållag skal arbeida for at Stortinget vedtek Grunnlova på nynorsk.

## NYNORSK GRUNNLOV

Våren 2014 var det duka for revisjon av Grunnlova i Stortinget. Det låg føre to ulike framlegg til bokmålsversjon og étt framlegg til nynorskversjon. Det var også råd å ende med éin av dei nye bokmålsversjonane utan å vedta nynorsk lovtekst i det heile. Gjennom våren såg det därleg ut, fleire parti var i tenkjboksen, og det var på eit tidspunkt mykje som tyda på at vi kunne kome til å tape i Stortinget. Kontroll- og konstitusjonskomiteen sine representantar Lundteigen og Kolberg var dei som fronta nynorskgrunnlova i hand-saminga i Stortinget. Kolberg var på landsmøtet vårt i april og heldt ein engasjert appell om kvifor Grunnlova også skulle vere på nynorsk, og han og fleire enkeltrepresentantar arbeidde godt for saka dei neste vekene. 6. mai var det ein stor siger for nynorsken som jamstelt mål då Stortinget mot éi røyst vedtok Grunnlova på nynorsk. Mållaget feira med hyggeleg samkome med viktige støttespelarar i Oslo same kveld, og fekk takka dei som skulle ha takk. I dagane som følgde, var det mange som meinte at nynorsken no hadde fått ein betre og meir forståeleg grunnlovstekst enn bokmål.

I slutten av mai fekk vi produsert plakat med den nye nynorske Grunnlova, og sende 2 stk til alle vidare-gåande skular i heile landet. Vi veit ikkje kvar plakatane er hengde opp, men det er grunn til å tru at vi var først ute og at nynorsken difor kom på veggen mange stader.

## GRUNNLOVA SKAL HEIM-TURNÉ

Grunnlovsturen var ein spontan idé i framkant av Dei nynorske festspela. Den store pappversjonen skulle vere på plass under festspela, og han er ikkje så lett å sende i posten. Det enda med ein biltur gjennom Gudbrandsdalen med stopp på Eidsvoll, Hamar, Vinstra og i Skjåk. Stoppa femna omvising på Eidsvoll, ordførarmøte, mållagsmøte, kulturelle innslag og mykje medieomtale.

### Nynorsk i media

Noregs Mållag skal arbeida for meir nynorsk i media gjennom å styrkja dei nynorske avisene, tidsskrifta og publikasjonane som finst, og stø opp om dei som måtte koma til. Me vil sikra best mogleg rammevilkår for slike. Me vil arbeida for å halda oppe pressestøtta. Noregs Mållag sentralt skal også fylgia opp arbeidet med å oppheva nynorskforbodet på redaksjonell plass i dei riksdekkjande avisene.

## HØYRING OM NRK-PLAKATEN

Sommaren 2014 sende kulturministeren NRK-plakaten på høyring. NRK har alltid stått sterkt som formidlar av det språklege mangfaldet i Noreg, og det er viktig at den delen av ålmennkringkastarrolla blir ført vidare. Det gjer ein best gjennom framleis å regulere vekslinga

mellan nynorsk og bokmål og ulike kulturelle omsyn i NRK-plakaten. Mållaget engasjerte seg difor med høyningsfråsegn. Dei viktigaste synspunkta våre var at det framleis skal vere minst 25 % nynorsk i sendingane, at NRK skal løfte fram normert nynorsk tale, at NRK Nynorsk mediesenter må ha gode vilkår, at minst 35 % av musikken skal vere norsk og ikkje minst at brukarar av samisk og andre nasjonale minoritetsspråk må få eige stoff på sitt språk.

## HØYRING OM NY TILSKOTSORDNING FOR NASJONALE VEKEMEDIUM

Ansvoaret for tilskotsordninga var føreslegen overført til Medietilsynet, og Noregs Mållag hadde ingen prinsipielle innvendingar mot den endringa. Vi valde likevel å nytte høvet til å streke under at nynorsk i riksavisar er viktig og at det einast er *Dag og Tid* som bruker nynorsk og samstundes fell inn under denne støtteordninga. Vi la vekt på at endringar ikkje måtte føre til at *Dag og Tid* ville få mindre støtte enn før.

### Religion og livssyn

Noregs Mållag skal arbeida for at nynorsk får breast mogleg plass i administrasjon, gudstenesteliv og i andre kyrkjelege handlingar. Den kyrkjelege administrasjonen må halda seg til mållova. Mållaget vil særleg fylgia opp tilbodet om trusopplæringsmateriell på nynorsk og stilla som eit absolutt krav at alt materiell skal liggja føra til same tid på begge mål. Noregs Mållag skal også arbeida for at nynorsk vert nytta i andre livssyns- og trussamfunn.

## HUMANETISK FORBUND

Hovudstyret i Human-Etisk Forbund vedtok i 2015 ein kommunikasjonsstrategi der språk så vidt er omtalt. Fylkeslaget i Sogn og Fjordane melder om ei lita betring dei siste ti åra, mellom anna at informasjon om konfirmasjon til 14-åringar går ut på nynorsk til dei fylka som ber om det. Namnetavler, program og kursbevis til konfirmasjon og namnefest finst også på nynorsk. Det finst derimot ingen brosjyrer, plakatar, rullebanner m.m. på nynorsk. Nettsidene og ikkje minst ressurssidene for tillitsvalde og kursleiarar med materiell til konfirmantar o.l. er berre på bokmål, slik også alle annonsar og pressemeldingar er. Vi har førebels ikkje fått tid til å drøfte betre løysingar med HEF sentralt.

## AGDER OG TELEMARK BISPEDØMME

Bispedømmet har i mange år gjort det dei kunne for å sleppe å skrive nynorsk, og Mållaget peika sommaren 2014 på at det framleis er mest bokmål å sjå, fleire år etter at dei har fått klår melding om kva reglar som gjeld for dei. Svaret var lite oppløftande. Etter å slå fast



HEIDER: Dag Bjørke Bremer og Juristmållaget deler ut blomar til Bård Eskeland, Kyrre Grimstad og Hans Petter Graver i samband med at Graver-utvalet fekk Målprisen 2015. (Foto: Kjartan Helleve)

at dei prøver å bruke nynorsk i mange samanhengar, skriv dei at statsråden har gjeve signal om at statstilsette i større grad skal få bruke det språket dei sjølvmeistar best, og at det såleis no er opna for ein ny praksis.

#### Næringslivet

Noregs Mållag sentralt skal laga ein kunnskapsbank om nynorsk i næringslivet. Det er fylkes- og lokallaga som skal henta inn slik kunnskap og driva arbeid retta mot næringsliv, til dømes ved å hjelpe næringsdrivande med å marknadsföra seg på nynorsk og gje påskjøning til dei som gjer dette.

#### NYNORSK VERKSEMD-KAMPANJEN

Sommaren 2014 byrja kampanjen Nynorsk verksemnd. Målet var å gje ros og råd til verksemder som nytta nynorsk. Det gjekk ut ei oppmoding om å sende tips til skrivarstova. Verksemde det vart tipsa om, fekk så eit brev frå Mållaget med ros, eit lite tipshefte og nokre klistermerke. Heftet var laga av Ulstein Mållag og inneholdt tips og rettskrivingsråd. Seinare vart det naudsynt å trykkje opp fleire tipshefte, og det nye opplaget inneholdt informasjon om Nynorsk næringslivspris. Det kjem inn flest tips på biletdelingstenesta Instagram, der biletene er merkte #nynorskverksemnd, og det er no sendt ut brev til godt og vel 300 nynorske verksemder.

#### NYNORSK NÆRINGSЛИVSPRIS

På landsrådsmøtet i november 2014 fekk verftet Kleven Maritime AS i Ulsteinvik Nynorsk næringslivspris 2014. Verksemda fekk prisen for eit medvite syn på val av målform, både internt og eksternt. «Kleven er eit godt døme å følgje for verksemder i dei nynorske kjerneområda generelt, og for større industriverksemder spesielt», meinte juryen.

#### ARBEIDSSTIPEND

Våren 2015 gjekk det eine stipendet på 50 000 kroner til prosjektet «Nynorsk i marknadsföring av verksemder i Nordhordland». Arbeidet er retta mot fleire verksemder i Nordhordland næringshage, med mål om å skifte profileringsspråk frå bokmål til nynorsk, og sjå om det kan ha ein positiv effekt. Arbeidet er ikkje ferdig, og rapport om resultatet kjem i neste årsmelding.

#### Nynorsk i den digitale verda

Noregs Mållag vil setja i verk og stø tiltak for å auka bruk av nynorsk på Internett og i sosiale medium.

#### GOOGLE

I 2015 vart Mållaget med i ei arbeidsgruppe oppnemnd av Nynorsk Forum. Målet var å sjå nærmare på korleis ein kan få dei same treffa anten om ein søker

## Nynorsk som nasjonal språk

på nynorsk eller bokmål, eller om nettsidene nyttar nynorsk eller bokmål.

Sjølv om resultata førebels er magre, så er det håp å spore. Google har fått ein eigen norsk redaksjon, noko som gjer det enklare å snakke om særnorske utfordringer. Dette vart tydeleg i arbeidet med Google Education. Den amerikanske giganten har ei rad tenester, og mellom dei siste tilskota er Google Education, som rettar seg mot elevar, lærarar og skular. Programmet inneholder verktøy som skal lette skulekvarden, men også reine skriveprogram. Mållaget fekk kontakt med ein lærar som var frustrert over at denne tenesta var på veg inn i skulen, utan at nynorsk var eit alternativ. Ho hadde sjølv kontakta selskapet, men ville gjerne ha hjelp. På hausten hadde Mållaget eit telefonmøte med leiaren for Google Education i Norden. Medvitet om nynorsk var der, og det kom langt på veg frå den norske redaksjonen. Eit nynorsk retteprogram har kome på plass, men det er langt i frå fullgodt, og mykje arbeid står att. Selskapet har på sikt bruk for reine språkressursar, og mållaget har difor hatt møte med Språkrådet, som er positiv til å hjelpe til i dette arbeidet. Dei har også teke eigne initiativ opp mot Microsoft og teksthandsamingsverktøya deira.

Tenestene til Google er ikkje knytte tett saman anna enn i namnet, så om ein får gjennomslag éin stad, vil ikkje det føre til at alt frå Google kjem på nynorsk. Det vil difor vere naudsint å arbeide meir med både parallellesok og å gjere nynorsk til eit val i Google Translate.

### Organisasjonar

Noregs Mållag skal i perioden arbeida andsynes fritidsindustrien, underhaldningsbransjen og store organisasjonar som til dømes Raudekrossen, fagrørsla og idretten for å få dei til å bruka meir nynorsk.

LO-kongressen i 2013 vedtok i sitt nye handlingsprogram (kapittel 11) at LO vil arbeida for likestilling mellom nynorsk og bokmål i arbeidslivet og samfunnet elles. På bakgrunn av dette vil Noregs Mållag invitera LO til samarbeid om korleis dette kongressvedtaket best kan fylgjast opp. Noregs Mållag vil òg byggja opp eit fagleg utval og nettverk for å styrkja stillinga til nynorsk i arbeidslivet og fagrørsla, spesielt i LO. Medlemsvervning blant LO-medlemer og tillitsvalde blir òg prioritert.

## FAGRØRSLA

Våren 2014 sette Mållaget i gang eit arbeid for meir nynorsk i fagrørsla, ut frå målet om språkleg jamstilling og språklege rettar i arbeidslivet. Dette vedtaket bygde mellom anna på LO-kongressen sitt vedtak om språkleg jamstilling våren 2013.

I landsmøteperioden har det vore etablert kontaktar mellom fagleg tillitsvalde som òg er medlemer i Noregs

Mållag i fleire fagforbund i og utanfor LO, og det er såleis lagt eit grunnlag for å samle eit større fagleg nettverk. I dette nettverket har medlemer teke fleire initiativ for å få sett nynorsken i fagrørsla på dagsordenen. På den årlege Trondheimskonferansen, arrangert av LO i Trondheim, med nær 600 deltagarar vart det i 2015 for første gong vedteke å sende hovudresolusjonen ut i fagrørsla og til media både på nynorsk og bokmål. Norges Mållag hjelpte til med å gie målbunad til nynorskversjonen.

Styret har også sett ned eit utval som av ulike grunner enno ikkje har vore samla. Vinteren 2016 har vi hatt løna hjelp på timebasis som har laga eit oversyn over bruken av nynorsk i dei største fagforbunda i dag. Det er vidare gjort avtale med LO-leiinga om at dei innleier om saka på landsmøtet våren 2016.

## FJELLVETTREGLANE PÅ NYNORSK

Påska 2015 kom Fjellvettreglane på nynorsk for første gong. Det var etter at Noregs Mållag vende seg til Den norske turistforening vinteren 2015 at samarbeidet kom i stand. Mållaget sette sjølv om teksten til nynorsk, og DNT utforma flotte plakatar til å hengje opp på hyttene rundt om i Noreg. På plakatane med nynorsk tekst står logoen til Noregs Mållag saman med logoen til DNT. Leiari Marit Aakre Tennø var med dagleg leiari i Sogn og Fjordane turlag på skitur for å skape blest om fjellvettreglane på nynorsk, og for å hengje opp plakatar på hyttene på Fivla i Luster kommune. Turen og dei nye fjellvettreglane fekk mykje omtale, og nrk.no/ut.no laga ei stor sak. DNT si eiga sak om dei nynorske fjellvettreglane var mykje delt i sosiale medium. Vinteren 2016 lanserte DNT nye fjellvettreglar, og dei var diverre lanserte berre på bokmål i februar. Mållaget tok straks kontakt og formidla omsetjarhjelpe, og fjellvettreglane skal vere på plass også på nynorsk før påske.

### Nynorske kunnskapsbasar

Noregs Mållag vil slå ring om dei nynorske kunnskapsbasane innanfor norsk namnegransking og Norsk Ordbok og hindra nedlegging og opplysing. Prosjektslutt og stillingskutt trugar framtida for dei vitskaplege samlingane og set i fare det ovstore innsamlingsverket som grasrota i målrørsla har sytt for i meir enn hundre år.

## NORSK ORDBOK

Norsk Ordbok 2014 fekk ei unødvendig uheldig avslutning på eit omfattande prosjektarbeid. Universitetet i Oslo ønskte ikkje å vidareføre ansvaret for språksamlingane, og dei tilsette i ordboksredaksjonen vart oppsagde frå årsskiftet 2014/2015. Det siste bandet blir omsider lansert i mars 2016, kraftig på overtid pga. dei knappe personalressursane dei har hatt. Språksam-

lingane fekk omsider ei løysing med ein permanent heim i november 2015, då det vart klart at Universitetet i Bergen overtek ansvaret.

### Nynorsk i akademia

Noregs Mållag skal arbeida for å styrkja nynorsk som vitskapsspråk og fagspråk. Noregs Mållag skal saman med studentmållaga arbeida for å styrkja nynorsken si stilling som bruksspråk innanfor høgare utdanning og forsking, ved å syta for at læreseta tek på alvor sitt lovpålagede språklege ansvar og at nynorskbrukande studentar får oppfylt sine rettar. Me vil arbeida for at publisering og formidling på norsk skal svara seg.

## STRUKTURENDRINGAR I UNIVERSITETS- OG HØGSKULESEKTOREN

Regjeringa ønskjer å reformere universitets- og høgskulesektoren gjennom å slå saman institusjonar til større einingar. Fleire institusjonar er alt samanslegne, og andre er på veg eller i forhandlingar om ulike alternativ. For Noregs Mållag er det viktig at dei institusjonane som i dag er gode på nynorskbruk, ikkje blir slukte av større institusjonar som er mindre gode, slik at resultatet blir mindre nynorsk.

Det er særleg to fusjonar som Noregs Mållag har sett på. Det eine er den alt gjennomførte fusjonen mellom Høgskulen i Telemark og Høgskulen i Buskerud og Vestfold, den andre er eventuelle fusjonar mellom høgskulane på Vestlandet.

På den nye Høgskulen i Søraust-Noreg er det no danna eit nettverk med folk frå Bakkenteigen Mållag, som er det lokale mållaget på Høgskulen i Vestfold, og målfolk andre stader, særleg i Bø. Dei har som mål å passe på nynorsken i avgjerder på den nye høgskulen framover.

Korleis ein eventuell fusjon på Vestlandet vil sjå ut, er høgst usikkert. Høgskulen Stord/Haugesund, Høgskulen i Bergen og Høgskulen i Sogn og Fjordane sit ved forhandlingsbordet. Litt lenger nord snakkar Høgskulen i Volda med dei andre høgskulane i fylket. Samstundes har fleire ytra seg om at Høgskulen i Volda burde slå seg saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane til eit «Ivar Aasen-universitet». På begge desse institusjonane er det samstundes sterke krefter for å stå utanfor ein eventuell fusjon.

Høgskulen i Volda og Høgskulen i Sogn og Fjordane er i ei særstilling når det gjeld nynorskbruk og kultur for nynorsk på høgskulen. Høgskulen i Stord/Haugesund er òg mellom dei gode høgskulane, men her er nynorsken mindre gjennomført, og høgskulen har nett fått ei oppmoding frå Språkrådet om å nytte meir nynorsk. Høgskulen i Bergen har fått mykje skryt for god nynorskbruk, men har stor overvekt av bokmål på nettsider og i annan informasjon.

For Noregs Mållag har det vore viktig å peike på styrkane til dei beste «nynorskholkulane», og at ein fusjon ikkje må føre til mindre nynorskbruk og såleis større press på nynorsken. Dette synet har vi målbore i media fleire gonger. Omsynet til nynorsken har kome godt fram i diskusjonane og er særleg viktig for leiingane både i Sogn og Fjordane og i Volda.

I desember 2014 var leiaren i Noregs Mållag invitert til styremøtet til Høgskulen i Sogn og Fjordane for å snakke om nynorsken og korleis høgskulen kunne bygge ein endå sterkare nynorskinstitusjon.

### BERGENSKONFERANSEN

Bergen mållag skipa 24. – 25. april 2015 til ein stor konferanse i Bergen. Tema for konferansen var nynorsken i Bergen og i akademia. Konferansen var delfinansiert av Noregs Mållag. Det var godt oppmøte på konferansen og leiar i Noregs Mållag skulle opne konferansen, men då flyet var innstilt, vart opningshelsinga flytta til midt i møtet. Noregs Mållag var med i fleire av paneldebattane under møtet.

### NORSK I AKADEMIA

Samlaget og Skuleboknemndi åt Studentmållaget i Oslo har saman løvt pengar til ei utgreiing om fremjing av norsk språk i akademia. Jorunn Simonsen Thingnes har arbeidd med eit prosjekt som skal fremje bruken av nynorsk og norsk generelt i forsking og høgare utdanning. Thingnes var på styremøtet til mållaget januar 2016 og greidde ut om arbeidet og framlegga.


Thingnes peika på at i språkmeldinga står det at hovudstrategien vår i møte med engelsk i akademia er parallellespråklegheit, men det har vore vanskeleg å gjere om politikken til konkrete tiltak. På nokre område er det nesten umogleg å finne vitskaplege artiklar på norsk.

I rapporten lanserer Thingnes eit prøveprosjekt der pensumrelevante engelske artiklar innanfor eit fagområde blir omsette til norsk. Tanken er å gjere det enklare for norske studentar å tilegne seg fagomgrep, stil og sjanger på sitt eige språk innanfor sitt eige fag. På den måten vil det kanskje bli enklare for dei sjølvé å skrive på norsk.

### ORDLISTER PÅ NETT

Under landsmøtet i 2014 fekk Sergej Aleksander Munkvold nynorskstipend til å utarbeide ordlistar på nett for tysk–nynorsk, fransk–nynorsk og nynorsk–engelsk. Arbeidet er i gang og tysk–nynorsk–ordboka er i ferd med å bli lagd inn på nett. Dei andre står det att litt arbeid med.

# Nynorsk som fyrstespråk



Det er avgjerande viktig for framtida til det nynorske språket at ungar som veks opp med nynorsk, kjenner ein sterkt identitet knytt til språket og held fram med å skriva det. Betre opplæring i språket og lettare tilgjenge til kultur i nynorsk drakt er viktige føresetnader for større meistring og sterkare kjensle av eigarskap.

Noregs Mållag vil i denne perioden arbeida for større medvit kring språk hjå elevar, barnehageungar, lærarar og skuleeigarar. Me vil gjennomføra ein leselyst-kampanje retta mot ungar i nynorskområda.

Mållag i nynorskområde bør arbeida for å setja nynorsk på den lokale dagsordenen. Med andre ord: Skapa auka medvit om nynorsk lokalt språk med lange røter.

Nynorske lokalaviser er avgjerande for både språklæring og for at lokal identitet skal vera knytt til nynorsk. Lokale mållag må arbeida for at lokalaviser skal bruka mest mogleg nynorsk og for å ta vare på nynorske lokalaviser.

Folk treng at språket omsluttar dei på alle område for at dei skal læra språket godt. Lokallag må difor også arbeida for nynorskbruk i lokalt næringsliv og organisasjonsliv.

Noregs Mållag vil at sosiale medium som Twitter, Instagram, og nettenester som Netflix og Spotify skal koma på nynorsk.

å samle røynsler frå nynorskskular om utfordringar og tankar om nynorskopplæring. For det andre for å snakke med leiing og tilsette om dei særskilde utfordringane nynorskelevane har. Vitjingane har vore lærerike for mållaget og vi har hatt gode samtalar med både skuleleiing, skulebibliotekarar og lærarar om korleis ein betre legg til rette for nynorskelevane.

## FELLESFRÅSEGN FOR LANDSLAGET FOR NÆRMILJØSKOLEN

Noregs Mållag skreiv i 2015 under på ei ny fellesfråsegn for Landslaget for nærmiljøskolen. Vi var ein av dei opphavelege underskrivarane og har med dette stadfest støtta vår til organisasjonen.

### 4.1 Barnehagen

Den personlege språkidentiteten skal styrkjast i barnehagen, så borna vert tryggare på seg sjølv og den språklege og kulturelle bakgrunnen sin. Noregs Mållag skal arbeida for at barnehagelova sikrar at det nedervde talemålet ikkje vert undergrave.

Språkopplæringa i barnehagelærarutdanninga må styrkjast slik at barnehagelærarane får kunnskap og medvit om verdien av barna sitt eige talemål, og korleis dette best mogleg kan lærast. Det er viktig at det finst rettleiingar som gjer det lettast mogleg for tilsette i barnehagane å drive språkopplæring, på nynorsk og bokmål. Nynorsk må eksplisitt inn som ein viktig del av rammeplanen for barnehagen.

Denne fireårsperioden skal Noregs Mållag syta for at det vert kartlagt kva pedagogiske hjelpemiddel som finst til bruk i barnehagen. Målet er at alt materiell som

## NYNORSKSTAFETTEN HAR SATSA PÅ HOVUDMÅLSELEVANE

Nynorskstafetten har både i 2014 og i 2015 reist i område der det er nynorsk opplæringsmål på skulane. Målet med dette har vore todelt: For det første for

vert gjeve ut med offentleg stønad, òg kjem på nynorsk.  
Lokale mållag bør hjelpe barnehagane og barneha-  
geeigarane til å forstå kor viktig det er med nynorske  
barnebøker.

## BOKPAKKER

At born møter nynorsk frå dei er små, er vesentleg for haldningane deira til nynorsk og deira eiga språkutvikling. På nyåret i 2015 sette Samlaget saman ei stor og ei mindre bokpakke med høvesvis ti og fem barnebøker til sterkt rabatterte priser. Noregs Mållag inviterte sine lokallag i lagssendingar og på sosiale medium til å nytte seg av tilboden og gje bokpakker i gave til sine lokale barnehagar: enkelt og billig målarbeid. Omrentlege tal frå Samlaget syner at mellom 15 og 20 lokallag frå alle delar av landet har tinga 95 store bokpakker og ti små, det vil seie 1000 bøker. På nyåret i 2016 har Skald forlag sett saman eit tilsvarande tilbod og melder at dei på berre éin månad har selt 35 pakker, 16 små og 19 store, til åtte ulike lokallag.

## SPRÅKOPPLÆRINGA I BARNEHAGEN

Gjennom nynorskstafetten har vi hatt mange møte både med barnehagepersonale og med kommunar. På desse møta har vi lagt vinn på å ta opp og diskutere kor viktig språkopplæringa i barnehagen er. Vi har vore i kommunar der opplæringsmålet i skulen er nynorsk, og vi har difor peika på at ein bør lette skulestarten gjennom at barnehagen bruker nynorsk, slik at det er samsvar mellom språket i barnehagen og språket i skulen. I dag skjer diverre somme stader det motsette, og i vinter tok vi til orde for at barnehageborn bør ha språklege rettar no når språklæringa blir ein stadig viktigare del av barnehageåra.

### 4.2 Nynorsk som opplæringsmål

Me vil auka talet på nynorskelever og heva kvaliteten på opplæringa. Det finst særlege utfordringar knytt til det å bruka eit mindre brukta språk, og dette må styresmaktene ta inn over seg i utforming av læreplanar og andre føringar for undervisninga. Noregs Mållag skal arbeida for at nynorskelever skal ha rett på, og få, opplæring i og på nynorsk gjennom heile den obligatoriske utdanninga.

## NYNORSKELEVANE

Vilkåra for nynorsk i skulen er tvitydige. På den eine sida ser vi at nynorsk blir meir og meir brukta på mange felt utanfor skulen. Dermed blir nynorsk som språk meir vanleg for folk flest, og talemålspresset er også langt mindre no enn for ein generasjon sidan. Ungdom i dag er såleis meir vande med språkleg variasjon. På den

andre sida er manglande opplæring i og om nynorsk i lærarutdanninga eit alvorleg trugsmål mot grunnlaget for nynorsk i skulen. Det same er den hardt pressa kommuneøkonomien som gjer at nynorskelevane mange stader har dårlegare vilkår enn det opplæringslova legg til grunn. Det vil alltid vere meir krevjande å lære det mindre brukte språket enn majoritetsspråket. Difor er det først og fremst nynorskelevane det går ut over i språkblanda klassemiljø. Mållaget har teke opp situasjonen for nynorskelevane, særleg i randsonene, i mange ulike samanhengar, både med dei aktuelle skulane, med kommunane og med Utdanningsdirektoratet. Signalar vi har fått frå Utdanningsdirektoratet vinteren 2016 tyder på at dei fylka som har nynorskelevar i særleg grad, vil gjennomføre ei enkel kartlegging av korleis situasjonen for nynorskelevane er. Mållaget vil i tilfelle bli inviterte til å kome med innspel til ei slik kartlegging gjennom Forum for nynorsk i opplæringa.

I gjeldande skuleår (2015–2016) er det 76 389 elevar med nynorsk hovudmål, jf tala frå GSI (Grunnskolenes Informasjonssystem), ein nedgang på 588 frå skuleåret 2013–14. Om lag 100 av desse skriv seg frå skular som gjekk over til bokmål etter folkerøystingar, det store fleirtalet kjem frå nedgang i elevtalet i nynorskommunar. I fylka som har rundt 1000 nynorskelever eller meir, er det først og fremst Hordaland som merkjer seg positivt ut, med ein auke på 245 elevar i perioden. Rogaland er stabil og dei andre fylka går litt attende.

## HØYRINGSFRÅSEGNER

Styresmaktene ønskte å endre privatskulelova (no fri-skolelova) og det var lytt ut høyring med frist i januar 2015. I dag er 15 elevar lågaste talet ein skule kan ha for å få halde fram. Kunnskapsdepartementet ønskte å heve denne grensa til 30 elevar. Noregs Mållag rådde frå ei slik endring av di dette kan føre til nedlegging av mange små nynorskskular. Då Stortinget handsama saka, vart gjeldande elevtal verande. Dette er ein viktig siger for nynorsken i fleire små kommunar.

I samband med endringar i forskrift til opplæringslova om fråvær og fråværsgransener, sende Noregs Mållag ei høyningsfråsregn. I framlegget frå Utdanningsdirektoratet heitte det at «Standpunktakarakterar berre blir gitt i heile fag». Noregs Mållag peikte i fråsegna si på at nemninga heile fag er problematisk andsynes norskfaget der det er tre karakterar. Noregs Mållag vann ikkje fram med synsmåtanane sine.

Ludvigsen-utvalet stod bak *NOU 2015:8 Fremtidens skole* som var sendt på høyring med frist i oktober 2015. Noregs Mållag leverte høyringssvar og streka under at språkkompetanse ikkje berre treng å handle om framandsspråk, men at også den norske språkstoda bør takast større omsyn til og at NOU-en i liten grad tek opp den språk- og kulturpolitiske rolla norskfaget har / bør ha. Vi viste til at skulen må ha ei viktig rolle i det kollektive ansvaret for språk, kultur og språklege



VAKSENOPPLÆRING: Anne Kristin Myklebust lærer Shajan norsk ved Gloppen opplæringssenter. (Foto: Hege Lothe)

rettar, og at den djupnelæringa dei er opptekne av i framandspråk også er ein analyse som gjeld om ein skal lukkast med nynorskundervisninga.

### PARALLELKLASSAR

Det har vore svært lite parallelklassearbeid i perioden, unntake hausten 2015 og våren 2016. På grunn av trøng økonomi og stor uvisse om statlege tilskot til oppretting av parallelklassar gjennom skjønnsmidlane, fører mange kommunar ei ulovleg opplæring og blandar elevar med ulikt hovudmål. Dette ser og merkar foreldra, og over tid fører det til at færre torer velje nynorsk som første opplæringsmål på ein bokmåls-skule. Lokallag og foreldre i Romsdal (Åndalsnes) og Sunnmøre (Ålesund) driv jamt og godt parallelklassearbeid og det er svært viktig å få styrkt dette arbeidet frametter. I Målselv har lokallaget og Noregs Mållag teke initiativ andsynes kommunen for forsøk med skriftleg sidemålsopplæring på barnesteget.

I Bergen er det ein liten offensiv medan dette blir skrive. På minst fire skular i byen ønskjer foreldra å prøve få oppretta nynorskklassar. Lokallag i byen og Noregs Mållag samarbeider tett med foreldra i arbeidet.

I dei to største byane har det kome meir målvalege styresmakter etter valet. I Bergen vedtok jamvel bystyret å styrke vilkåra for nynorsk i skulen generelt og særleg for nynorskelevane i byen. I tida før vedtaket

hadde Mållaget hatt møte med skulebyråden og sendt inn eit notat om korleis ein kunne styrke vilkåra for nynorskelevane i kommunen. Bergen bystyre vedtok òg å setje i gang med eit prøveprosjekt med skriftleg sidemålsopplæring frå 3. klasse. I Oslo har fleire av dei noverande byrådspartia vedteke ein svært målvaleg politikk, og difor kan det vere god von om nye nynorskklassar i osloskulen.

### 4.2. I Talet på nynorskelevar

Kwart år skiftar mange elevar frå nynorsk til bokmål. Dette er særleg eit problem i område der nynorsken står svakt utanfor skulen. Dette språkskifte er det ei viktig oppgåve å avgrensa så mykje som mogleg. Me skal dra nytte av røynslene frå prosjektet Målstrekken til å setja i verk tiltak. I dette arbeidet er det viktig å få med styremaktene. Me vil fylgia med på at initiativa frå Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål vert fylgde opp av Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.

Det bur stadig fleire nynorskbrukarar i bokmålsområde, og stadig fleire bokmålsbrukarar i nynorskområde. Medan det fyrste sjeldan gjev seg utslag i oppretting av nynorskklassar på bokmålsskular ser me at det vert oppretta stadig fleire bokmålklassar i tradisjonelle nynorskområde.

Sentrallekken skal fylgja opp alle som ynskjer å starta nynorsk parallelklasser. Mållag i bokmålsområde og ransoner bør fylgja opp foreldre som skal velja hovudopplæringsmål for ungane sine og argumentera for at kvar og ein bør velja nynorsk. Vidare må mållaga arbeida for at dei som har nynorsk som opplæringsmål, får best mogleg vilkår for å halda på nynorsken gjennom heile skuletida.

Noregs Mållag krev at storbykommunane med stor innflytting; Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger får pålegg om å skipa nynorskklassen og går ut med tilbod til alle 6-åringar. Ordninga må finansierast av staten.

Det må vera eit mål å gjennomføra minst éi offensiv skulemålsrøysting i arbeidsperioden. Ei røysting må ha lokale krefter som utgangspunkt. Noregs Mållag skal stilla naudsynte ressursar til rådvelde. Alle røysteføre i skulekrinsen skal vera med på å ta avgjerala om lokalt opplæringsmål.

## FOLKERØYSTINGAR

Det har vore fem folkerøystingar om skulemål i perioden. To av røystingane kom etter vedtak i kommunestyra, medan dei andre kom etter krav frå dei røysteføre i krinsane. I perioden har det vore uro om skulemålet fleire stader, mellom anna i Sirdal (Tonstad), men det er einast i Tysvær det er gjort vedtak om folkerøysting om skulemålet på Tysværvåg og Grinde skular. Røystingane i Tysvær blir mest truleg haldne seint på våren 2016 eller tidleg på hausten. Årsaka til røystingane i Tysvær er negativ utvikling i tala på nynorsk-elevar på både skulane, attåt at rektorane på både skulane aktivt har oppmoda kommunen om å lyse ut røysting.

Øvst i Hallingdal har Holet skule vore einaste nynorskkrinsen i Hol kommune. I perioden var det to røystingar i krinsen. I 2014 var det røysting etter krav frå dei røysteføre (over 25 % av dei røysteføre skreiv under på krav om røysting). 14. april 2014 røysta eit stort fleirtal for nynorsk: 124 røysta nynorsk mot 58 for bokmål. I desember same år vedtok heradsstyret i Hol å legge ned bokmållskulen Hovet og slå han saman med med nynorskskulen Holet. Dimed vart det røysting om skulemålet til den «nye» skulen, og her tapte nynorsken kraftig (298 bokmål, 121 nynorsk – over 40 % av dei røysteføre møtte fram). Folket frå den nedlagde Hovet skule mobiliserte mykje og melde klårt frå om at dei såg røystinga som ein protest mot nedlegging av skulen deira.

I Sør-Trøndelag har Jåren-Råbygda skole vore ein einsleg nynorskoase i fleire tiår. Skuleleiinga har manøvrert i eit tjukt bokmålsland med kløktig leiing og god pedagogikk. Like fullt tok foreldre initiativ til folkerøysting og sanka nok underskrifter. Ved røystinga 24. november 2014 vann bokmål med 89 røyster

mot 62 nynorskrøyster. Dimed er det ingen nynorsk-skular att i heile Trøndelag.

I Sandnes tok kommunen sjølv initiativ til røysting på Malmheim skule. Årsaka var at alle elevane på skulen hadde bokmål som hovedmål. Etter endringane i opplæringslova i 2002, forsvann regelen om at det måtte vere minst 10 elevar att med skulen sitt opplæringsmål, der andre foreldre sette fram krav om parallelklasser. Det gjer at ein i dag kan ha skular med nynorsk opplæringsmål, der alle elevane i verste fall har bokmål. Sandnes Mållag heldt folkemøte og mobiliserte godt før røystinga, men bokmålet vann stort: På røystedatoen 22. september 2014 røysta 136 bokmål og 59 røysta nynorsk.

I Kvinesdal var det nok ein gong opptak til røysting. Einskilde foreldre til elevar ved Kvinlog skule drog i gang underskriftskampanje for røysting og fekk over 25 % av dei røysteføre til å skrive under. Kvinesdal Mållag arbeidde godt og strategisk til liks med røystinga i 2005. Og endå ein gong vann nynorsk: 166 røysta nynorsk, medan 79 røysta bokmål. Som vanleg var det færre som røysta bokmål enn dei som hadde skrive under for krav om røysting.

Det er ein klår tendens i Kommune-Noreg til å minke talet på skular. I Bergen kjem kommunen kvart år med framlegg om å legge ned einaste nynorskskulen i Fana, Riple skule. Trass i at eit samla bydelsutval i Fana støtt vedtek at dei ikkje ønskjer at Riple skal bli lagd ned, kjem kommunen med nye framlegg, år etter år. Fana Mållag og Noregs Mållag har samarbeidd med både foreldra og skulen i arbeidet mot nedlegging. Haugland skule i Arna er også føreslegen nedlagd. Ved desse to skulane er det i dag 103 nynorskelevar.

I dagens opplæringslov er atterhaldet om at det må vere minst 10 elevar att med det vedtekne opplæringsmålet ved skulen borte, og dermed kan foreldra suverent oppheve politiske vedtak i kommunestyret. Dette skjer på somme skular i ransonene, kring Bergen og Stavanger og kan over tid undergrave nynorsk som hovedmål på desse skulane.

I perioden har det ikkje vore ei einaste offensiv røysting. Dei siste 40 åra kan vi telje offensive røystingar på mindre enn éi hand. Det vil seie at alle røystingane er forsvarsrøystingar. Årsakene til dette er mange, men manglande tru på at det er mogleg å vinne, er truleg blant dei.

## MÅLBYTE

Kunnskapsdepartementet sytte i 2014 for å granske årsakene til at nynorskelevar byter til bokmål. PROBA Samfunnsanalyse la fram ei granskning som både tok føre seg «kva aktørar som spelar inn for val av hovedmål» og korleis lærarutdanninga førebud studentane til å undervise i og på nynorsk.

Emnet målbyte eller språkskifte har med kvart vorte eit kjent tema der målrørsla har drive fram saka, som

til dømes i Valdres. Sameleis har dette ført til at fleire høgare lærestader tek til å mobilisere studentar til å forske på emnet. I Romsdal har fylkeslaget vore med og skapt blest om studiar om emnet og fått med seg Molde vgs for å drøfta vilkår og tiltak.

### 4.2.2 Kvalitet i opplæringa

Kvaliteten på undervisninga i og på nynorsk må hevast. Noregs Mållag må arbeida for at grunnskulelærarutdanninga og lektorutdanninga blir endra slik at lærarstudentane får opplæring i nynorsk- og sidemålsdidaktikk, i tillegg til at dei må meistra nynorsk. Opplæringa i norskfaget i grunnskulen og vidaregåande skule må gje nynorskelevane språkleg sjølvtilt og identitet. Lærarar må få tilbod om kurs og etterutdanning i nynorsk. Språkrådet og Nynorskenteret må få i oppgåve å kartlegga kvaliteten på og innhaldet i nynorskundervisninga, og dei må få midlar til å fylgja opp denne oppgåva.

Opplæring i eit mindre brukta språk fører med seg nokre utfordringar. Mange av elevane er omgjevne av bokmål i kvardagen, og dette må skulen prøva å kompensera for ved at dei møter minst mogleg bokmål i skulen og gjennom betre skriveopplæring i nynorsk. Opninga for at foreldre kan velja bokmålsbøker for elevar med nynorsk opplæringsmål, må fjernast.

Lokallaga bør tilby (beste)foreldregrupper etter modell frå barnehagearbeidet, kurs for lærarar og arbeida for at biblioteka kjøper inn nynorskboekar og har desse synleg framme. Dei må i tillegg arbeida opp mot politikarar og administrasjon for å sikra at skulane driv god nynorskopplæring. Alle læremiddel må koma til same tid på nynorsk og bokmål. Noregs Mållag og fylkeslag skal særleg arbeida for at alle digitale hjelpemiddel skal liggja føre på nynorsk. Lokale, regionale og sentrale lag av Noregs Mållag må klaga inn brot på opplæringslova og leggja til rette for å skipa nynorske inspirasjonsdagar for lærarar i samarbeid med Noregs Lærarmållag og lokale krefter. Noregs Mållag skal i perioden gjennomføra ein vervekampanje retta mot lærarar.

## LÆRARUTDANNINGA

I rapporten «Undersøkelse av nynorsk som hovudmål» granska PROBA Samfunnsanalyse korleis lærarskulane dokumenterte og tryggja at studentane fekk «kompetanse i både nynorsk og bokmål». Resultatet var trist, men ikkje overraskande: «Analysen viser at det er stor usikkerhet om hvordan kompetansen i nynorsk og bokmål skal synliggjøres på vitnemålet».

Trass i mange reformer i lærar- og lektorutdanninga dei siste åra, har ikkje sentrale styresmakter evna å vurdere korleis studentane skal bli sikra ei fullgod lærarutdanning som gjer studentane i stand til å undervise på både bokmål og nynorsk for så vel nynorskelevar som

bokmålselevar over heile landet. Dei studentane som ikkje vel norsk i fagkrinsen, har ingen garanti i det heile for at dei lærer noko nynorsk. Det vil seie at elevar med nynorsk som hovudmål ikkje er sikra at dei får lærarar som meistrar nynorsk godt nok til å bruke det i undervisninga.

På landsrådsmøtet i november 2015 orienterte Inger Vederhus frå lærarutdanninga ved Høgskolen i Oslo og Akershus om den nye lærarutdanninga. Det er framlegg om å gjere all lærarutdanning om til 5-årig grunnskulelærarutdanning på masternivå. I framlegget frå departementet kan studentar som ikkje har vurdering i både skriftmåla frå vgs, få fritak «i en av målformene». Det gjeld ikkje studentar som vel norsk som fag i utdanninga for trinn 5–10. Noregs Mållag vil i høyringsfråsagn i april 2016 rå departementet til å sikre at lærar- og lektorutdanningane gjer alle studentane i stand til å undervise både på bokmål og nynorsk i alle fag.

Som vanleg har Noregs Mållag halde kurs for lærar- og lektorstudentar i perioden. I arbeidsbolken har vi halde kurs for fleire hundre studentar.

### 4.2.3 Språkdeling på ungdomsskulane i mål-blanda område

I målblanda kommunar skal det vera rett til full språkdeling til og med ungdomsskulen basert på den såkalla Odda-modellen. Då får elevane undervisning og undervisningsmateriell i alle teorifag på hovudmålet sitt. Modellen hevar kvaliteten på lærings- og skolemiljøet og gjer elevane til tryggare språkbrukarar.

Noregs Mållag vil arbeida aktivt for at alle kommunar med målblanda ungdomsskular skal kunna gjennomføra full språkdeling, med full kompensasjon frå staten for meirutgiftene.

## SPRÅKDELING I UNGDOMSSKULEN

Noregs Mållag har saman med Odda mållag arbeidd for å innføre språkdeling i ungdomsskulen etter «Odda-modellen» i Noreg og å redde språkdelinga i Odda. Utgangspunktet er det 100 år gamle jamstillingsvedtaket i Odda kommune som slår fast at Odda barneskule skal vere tospråkleg. Det vil seie at elevane skal vere organiserte i eigne hovudmålklassar alle ti skuleåra. Modellen har vore truga siste åra, først og fremst på grunn av veikare økonomi i kommunen. Det har ført til ein stor offensiv frå Odda Mållag og etter kvart Hordaland Mållag og Noregs Mållag. Noregs Mållag la haustseminaret sitt til Odda i 2014, og fyrste seminar dagen handla om «Odda-modellen». Etter møtet vart nesten heile Norsk Tidend vigd seminaret, og Odda-modellen og avisar vart sendt til Odda for utdeling før budsjettmøtet i Odda kommune hausten 2014. Odda mållag redda språkdelinga, og Odda kommune sette ned ei nemnd som skal arbeide med å løfte saka frå kommu-



HAUSTSEMINAR I ODDA 2014: Terje Kollbotn argumenterer for å gjøre Odda-modellen til nasjonal politikk. (Foto: Kjartan Helleve)

nen si side. I oktober 2014 tok Noregs Mållag opp saka på budsjettthøyring i møte med Kyrkje-, utdanning,- og forskingskomiteen på Stortinget.

Utdanningsdirektoratet sitt forum for nynorsk i opplæringa hadde møte 29.01.2015 der Noregs Mållag tok opp språkdeling i ungdomsskulen. I forlenginga av drøftingane på dette møtet har Utdanningsdirektoratet fått eit felles innspel frå Språkrådet, Noregs Mållag, Landslaget for nynorskkommunar (LNK) og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, dagsett 15.04.2015. Organisasjonane argumenterer for å gje alle elevar i grunnskulen rett til opplæring i språkdelte grupper etter kva hovudmål elevane har. Ei utgreiing frå Utdanningsdirektoratet låg føre hausten 2015, der dei hadde utgreidd to ulike alternativ.

Dei har sett på to alternative måtar å innføre språkdelte grupper på ungdomstrinnet, for dei skulane som har elevgrunnlag:

1. Endre opplæringslova § 2–5 fjerde ledd til å gjelde heile grunnskulen, ikkje berre 1.–7. årstrinn. Ei endring av opplæringslova bør knytast til føringane i læreplanverket. Retten til opplæring i eigne grupper blir då i prinsippet lik for nynorsk- og bokmåselever.
2. Opprette ei tilskotsordning med øyremerkte midlar til ungdomsskular som vil opprette eigne klassar for nynorskelever. Ei slik ordning kan vere meir selektiv og fungere som eit språkpolitisk tiltak for å halde oppe nynorsk som hovudmål. Alternativ 2 kan eventuelt

først utprøvast over tre år med evaluering for å undersøke om dette er eit føremålstenleg verkemiddel for å hindre språkbyte. Vidare kan ei budsjettstyrta ordning vere ei løysing. Dette framlegget vart sendt til Kunnskapsdepartementet og i januar 2016 kom det knappe svaret om at dei ikkje ville innføre ei slik ordning.

2. juni 2015 møtte ein delegasjon frå Odda og Noregs Mållag Hordalandsbenken på Stortinget og fekk legge fram saka, og to dagar etterpå vart Kommuneproposisjonen 2016 (Prop. 121 S (2014–2015), Innst. 375 S (2014–2015)) lagd fram. Her står det: «Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet, Venstre og Sosialistisk Venstreparti, viser til at det er lagt inn merknader i kommuneproposisjonen for 2015 om at nynorsken ikkje må bli skadelidande av kommunereformen. Fleirtalet viser også til at LNK har fått tilskot frå departementet. Fleirtalet understrekar viktigheten av dette, og ber regjeringen også vurdere som eit tiltak for å styrke nynorsken å likestille ungdomsskule og barneskule med tanke på retten til opplæring på eige språk og komme tilbake til Stortinget på eigna måte om det.»

I august 2015 skipa Bergen mållag, Hordaland mållag og Odda mållag saman med Noregs Mållag ein debatt i Bergen der språkdelinga var tema.

I desember 2015 vart Odda-modellen på ny redda, men seinare budsjettarbeid sette språkdelinga i fare nok ein gong.

## Nynorsk som fyrstespråk

Noregs Mållag har også utarbeidd flygeblad for språkdelinga, og situasjonen til nynorskelevane i ungdomsskulen har vore tema på nynorskstafetten og i fleire lesarbrev og avisartiklar.

### UNGDOMSSKULEN I BERGEN

På Minde skule i Bergen har det vore ein nynorskklasse. Desse elevane skulle hausten 2015 over i ungdomssteget på Storetveit skule. Foreldra hadde teke kontakt med Storetveit skule for å sikre eit best mogleg opplegg for elevane. Dei tok òg kontakt med Noregs Mållag. Skulen imøtekomi i liten grad ønska til foreldra. I desember 2015 hadde Noregs Mållag eit møte med byråden i Bergen om saka. I januar 2016 vedtok byrådet i Bergen retningsliner for korleis ein handsamar nynorskelevar i mindretal i ungdomsskulane i Bergen. I retningslinene står der at ungdomsskulane i Bergen som tek imot nynorskelevar bør:

1. På førehand ha kartlagt kva elevar som skal ha nynorsk på skulen.
2. Nynorskelevane skal få utdelt lærebøker på nynorsk og skal sleppe å be særskilt om å få det.
3. Nynorskelevane skal få alle prøver og testar på nynorsk og skal sleppe å be særskilt om å få det.
4. Nynorskelevane skal så langt det er råd få alt skriftleg materiell på nynorsk.
5. Nynorskelevane bør så langt det er råd få gå i same klasse slik at dei slepp å vere dei einaste nynorskelevane – å vere áleine eller få gjer dei endå meir utsette. Å samle nynorskelevane gjer det òg lettare å få til best mogleg undervising for dei. På skular med ein stor del nynorskelevar bør desse om det er råd få gå i ein eigen klasse.

#### 4.2.4 Leselystkampanje

I den komande perioden vil Noregs Mållag gjennomføra ein leselystkampanje retta mot elevar i barneskulen og dei eldste borna i barnehagen. Hovudmålgruppa er dei med nynorsk som fyrste opplæringsmål, men alle elevar har godt av å møta meir nynorsk tidleg.

I arbeidet med kampanjen er det viktig å trekka inn ulike nasjonale og lokale samarbeidspartnarar. Omfanget av kampanjen vil vera avhengig av økonomisk støtte frå andre.

Lokallaga bør ta del i kampanjen på ulike måtar. Tiltak kan vera til dømes å hjelpe til med lesestunder og forfattargjestingar i barnehagar og skular, organisera lesestunder på biblioteket i helgane, dela ut barnebøker og skapa merksemeld rundt dei relevante spørsmåla.

### LESEKAMPANJAR

Saman med Nynorsk barnelitteraturnettverk lanserte vi sumaren 2014 emneknaggen #lesesumar der vi oppmoda folk om å dele bilete i sosiale medium med god nynorsk

barnelitteratur for å oppmode til å lese nynorske barnebøker og til å minne om alle dei gode bøkene som finst der ute. Både Skald forlag og Samlaget var med på kampanjen som gjekk gjennom heile sumaren.

Under nynorskstafetten dei to åra her har vi snakka om leselystkampanjar med skulane vi har vitja og diskutert trøngen for ei eigen nynorsk leselystkampanje. Nokre skular har laga sine eigne kampanjar, og vi har då oppmoda dei om å hjelpe elevane til å velje nynorskbøker.

Noregs Mållag har i fleire år arbeidd for ein nynorsk leselystkampanje. I november 2014 under Barnelitterær formidlingsfest i Førde kom saka opp att.

Fleire nynorskaktørar gjekk på dette møtet saman om å få til noko. 6. februar 2015 kalla Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane inn til fellesmøte. Til stades var: Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane, Fylkesbiblioteket i Sogn og Fjordane, Nynorskcenteret, Samlaget, Ivar Aasen-tunet, Foreningen !Les og Noregs Mållag. Av desse vart det sett ned ei gruppe på tre personar som skulle lage ei skisse til eit opplegg med utgangspunkt i Foreningen !Les sine røysneler frå tidlegare prosjekt. Ønsket var at målgruppa skulle vere 7. klasse og at opplegget og antologien skulle likne Bokslukerprisen, som er eit kjent opplegg frå Foreningen !Les. Sidan det er nye 7. klassingar kvart år, kan antologien og opplegget brukast fleire år. Hausten 2015 vart *Tid for ti* lansert frå Foreningen !Les Nærare 15 000 elevar meldte seg på. Det tyder at heile opplaget så å seie er borte. Omtrent halvparten av dei 430 skulene som er påmeldte, er bokmållskular. Noregs Mållag har oppmoda laga våre om å tipse skulane om kampanjen og å sjekke om dei har meldt seg på.

#### 4.3 Norskopplæring for vaksne innvandrarar

I dag kjem folkeveken i Noreg frå innvandring. Som nye og viktige innbyggjarar i nynorskommunane treng dei å læra det lokale språket. Både for å halda oppe nynorskbruka i området og for å fremja integrering i lokalsamfunnet

Noregs Mållag skal arbeida for å sikra retten til nynorske læremiddel og opplæring på nynorsk for vaksne innvandrarar. Norskopplæring for vaksne innvandrarar bør koma inn under opplæringslova, slik at ein får lovfest at undervisningsmateriellet som vert utvikla, kjem på både nynorsk og bokmål til lik tid og pris. I nynorskområde skal opplæringa vera på nynorsk. I språknøytrale område må innvandraren bli gjort kjend med og gjeve høve til å velja nynorsk som opplæringsmål. Noregs Mållag skal arbeida for at det vert skipa til kurs i nynorskdidaktikk for lærarar. Mållaga i nynorsk-kommunar skal orientera kommunen om undervisningsmateriell som ligg føre og arbeida for at nynorsk vert opplæringsmålet.

Landssamanslutninga av nynorskommunar er ein naturleg samarbeidspartnar.

## NYNORSK FOR VAKSNE INNVANDRARAR

Hausten 2014 tok Noregs Mållag til arbeidet med å skaffe oss oversikt over feltet. Vi fann fort ut at ingen kunne gje oss eit fullgodt bilet av kor mange kommunar som dreiv nynorskundervisning og korleis ho vart driven. Difor starta vi med å vende oss til alle nynorsk-kommunar og språknøytrale kommunar med nynorsk-elever og spurde kva språk dei gav norskopplæringa si på. Berre 39 av nynorskkommunane svara at dei gav nynorskundervisning. Gjennom å stille spørsmålet oppdaga vi òg at svært mange kommunar ikkje visste kva språk dei gav opplæring på. Svært få kommunar hadde gjort politisk vedtak om kva språk dei ville gje opplæring i til dei vaksne innvandrarane som kom til kommunen. Sidan feltet er heilt uregulert, er det ofte opp til leiinga på norskopplæringa å avgjere opplæringsspråket.

I samtalar med opplæringssentera som har drive nynorskopplæring i mange år, kom det meldingar om at situasjonen for lærermiddel på nynorsk no var så god at fleire kommunar burde byte til nynorsk opplæringsmål.

Mållaget laga då ein kampanje for lokallaga våre for å få fleire kommunar til å gå over frå bokmål til nynorsk-opplæring. Kampanjen vart presentert på vårseminaret i Fredrikstad, men først lansert i valkampen i 2015 og lokallaga vart oppmoda om å utfordre politikarane på val til å skifte opplæringsmål frå bokmål til nynorsk. Fleire lokallag gjorde dette, anten i opne debattar eller gjennom lesarbrev.

I august 2015 var Noregs Mållag til stades under eit seminar som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skipa til for lærarar i vaksenopplæringa. Der var det lagt opp til innleiing frå Nynorsksenteret om bruk av nynorsk skjønnlitteratur i undervisninga. Noregs Mållag fekk også høve til å leggje fram kampanjen vår, og i det frie ordskiftet vart røyslene til dei som underviser på nynorsk tekne opp, og det vart også drøfta korleis eit opplæringssenter går frå bokmål til nynorsk. Dette seminaret var nyttig å vere til stades på, fordi vi fekk ein prat med mange lærarar frå opplæringssenter som vurderte å gå over til nynorsk.

Vidare vitja Marit Aakre Tennø Kvam herad sitt opplæringssenter for å høyre om deira røysler etter ti

år med nynorskundervisning. Dei fekk også heider av Mållaget.

I oktober 2015 fekk Noregs Mållag møte i nynorskgruppa til VOX. Tema for møtet var lærermiddel på nynorsk og mållaget heldt ei innleiing om kampanjen vår.

I november 2015 var Noregs Mållag til stades på eit møte som Odda mållag skipa om nynorskopplæring og lærermiddelsituasjonen.


Seinhausten 2015 var Voss den første nye kommunen som gjekk frå bokmål til nynorsk, etter eit debattmøte som Voss mållag skipa til før valet der alle politikarane forplikta seg til å endre på opplæringsmålet. Så kom Ullensvang, der lokallaget har arbeidd med sakaleng. Ullensvang herad gjorde vedtak i desember, det gjorde kommunestyra i Hjelmeland og Årdal òg. Hjelmeland Mållag plukka opp ballen etter at Nynorskstafetten, saman med lokallaget, tok opp sakaleng med ordføraren, og det vart gjort eit grundig arbeid av lokale målfolk. I Årdal har vi ikkje lokallag, men mållaget tok kontakt med sentrale politikarar som fekk sakaleng til vedtak i kommunestyret. I februar gjorde Innvandrarsenteret i Flora vedtak om å gå over til nynorsk.

I desember gjorde Nissedal kommune vedtak om opplæringsmålet òg, men med anna forteikn. Dei gjekk frå nynorsk til bokmål.

Noregs Mållag veit at fleire kommunar er på veg til å gjøre vedtak i denne viktige sakaleng. Med fem positive vedtak frå oktober til februar er Noregs Mållag uansett godt nøgd med starten på kampanjen.

Styret i Noregs Mållag har sendt eit brev til departementet og til VOX om lærermiddelsituasjonen i norskopplæringa, der det er mindre tilfang på nynorsk. Vi har også bede om eit møte med statsråden. Statsråden har svara at dei ikkje har tid til å møte oss og at vi heller bør snakke med VOX.

Saman med mållaga i Nordhordland arbeidde Noregs Mållag i vinter fram ein halvdagskonferanse om integrering og norskopplæring for tilsette og politikarar i området. Godt over 70 påmeldte fekk servert gode argument, og responsen var svært god.



# Samskipnaden

Den viktigaste oppgåva for organisasjonen er å arbeida for å gjera den norske målreisingstanken til røyndom. Organisasjonen skal byggja opp gode lagsfolk, aktive leiarar og ein inkluderande organisasjonskultur. Noregs Mållag løyver kvart år ein monaleg sum til arbeidet med å styrkja organisasjonen.

## LØYVINGAR TIL ORGANISASJONSTILTAK

I 2014 løyvde Noregs Mållag pengar frå potten for tiltak til styrking av organisasjonen til desse føremåla:

Bergen Mållag 20 000 kroner (nynorsk kinoreklame), Toten dialekt- og mållag 7 000 kroner (prosjekt for vgs), Austmannalaget 27 000 kroner (seminar), Rogaland Mållag 17 670 kroner (seminar), Nord-Aurdal mållag 15 000 kroner (jubileumsmarkering), Odda mållag 14 000 kroner (vervetiltak), Sotra mållag 10 000 kroner (litteratur til barnehagane), Volda mållag 5 000 kroner (julesonghefte), Rogaland Mållag 4 000 kroner (haustseminar), Herøy Mållag 4 000 kroner (kvisskveld), Hordaland Mållag 25 000 kroner (Bergenskonferansen) og Toten dialekt- og mållag 4 000 kroner (føredragskveld), til saman 152 670 kroner.

I 2015 fekk desse laga og prosjekta støtte:

Sunndal Mållag 8 000 kroner (seminar), Sunnmøre Mållag 22 000 kroner (seminar), Juristmållaget 12 000 kroner (fagleg skriveseminar), Sandnes Mållag 15 000 kroner (barnehagetiltak), Tromsø Mållag 25 000 kroner (vervetiltak), Hordaland Mållag 10 000 kroner (skiping av lokallag), Bergen Mållag 20 000 kroner (Nynorskbyen Bergen) Volda, Ulstein, Sula og Hareid Mållag 10 000 kroner (julesonghefte), Osterfjorden Mållag 5 000 kroner (julesonghefte), Herøy Mållag 8 000

kroner (kvisskveld), Naustdal Mållag 10 000 kroner (dialektbok til utdeling i barnehagar og skular), Mållaga i Nordhordland 16 000 kroner (nynorsk for vaksne innvandrarar) og Hordaland Mållag 50 000 kroner (lønnsmidlar til prosjektstilling). Til saman løyvde vi 206 000 kroner.

### 5.1 Noregs Mållag sentralt

Det er ei viktig oppgåve for Noregs Mållag sentralt å styrkja lokal- og fylkeslaga. Styret og skrivarstova skal tilby gratis kampanjetilfang til medlemslaga. Styret og skrivarstova skal vitja alle fylkeslaga og minst 30 mållag kvart år i perioden. I tillegg skal mållaget organisera tilbod om føredragshaldarar til lokallaga. Noregs Mållag skal samarbeida tett med Norsk Målungdom, og særleg stø opp om skulevitjingsarbeidet deira.

### SØRVIS

Det blir lagt vekt på å vere imøtekommende og hjelpe lokale tillitsvalde med det dei spør om. I tillegg er styret opptekne av at det blir sett i gang tiltak, skulering og kampanjar som gjev konkret hjelp og som kan styrkje arbeidet i lokal- og fylkeslag.

### MATERIELLPRODUKSJON

Det viktigaste kampanjemateriellet vi har laga i perioden, er knytt til «NyNorsk – kampanje for nynorsk opplæring for vaksne innvandrarar» og materiell knytt til arbeidet retta inn i mot barnehagar. Barnehagane har ikkje vore eigen kampanje dei siste åra, men det er eit arbeidsfelt som står sentralt i mange lokallag, så vi oppdaterer stadig materiellet for den målgruppa.

Til «NyNorsk – kampanje for nynorsk opplæring for vaksne innvandrarar» har vi laga to flygeblad, ei aksjonskokebok, T-skjorter og jakkemerke, i tillegg til ein plakett til dei vaksenopplæringsane som gjev nynorskopplæring.

«Gjennom ord blir verda stor»-materiellet har fått oppdatert versjon og nye opplag av song- og teikneheftet og flygebladet retta inn mot foreldre.

I tillegg til dette har vi eit flygeblad om Ivar Aasen og arbeidet han gjorde, eit flygeblad om nynorsk i skulen og eit nytt flygeblad til kommunevalkampen om kommunal nynorsk.

Vi har også materiell som vi reknar som meir generelt vervemateriell. Til verving tilbyr vi verveflygeblad, vervepostkort, vervegiro og vervekort, og ulike varianter av jakkemerke.

Alle nye medlemer og folk som ønskjer informasjon om medlemsskap, får eit eige flott dobbelt A4-ark med informasjon om kva og korleis Noregs Mållag arbeider.

Mållaget har også fått lov av Ulstein Mållag til å trykkje opp att eit hefte om nynorsk reklamespråk som heiter *Blest*. Sist, men ikkje minst, har vi trykt opp plakat med grunnlova på nynorsk.

## SALSMATERIELL

Dette materiellet har vi til sals via nettsidene våre eller vi sel det på sentrale tilskipingar. Det nyaste materiellet er eit skjerf som høver til alle landskampar, med påskrifta Noreg. Så har vi ostehøvel, skistroppar, Røros-pledd, matboks, penn, fleecejakke, mobildeksel og notisbøker. Sidan jubileumsåret for 10 år sidan har vi selt krus og asjettar med gode sitat. Serviset har vore veldig populært, og dei mest attraktive kaffikoppene kjem snart i nye opplag.

## LAGSSENDINGAR

Det vart sendt ut seks lagssendingar i 2014 og åtte lagssendingar i 2015. Lagssendingane vert sende på papir til alle og på e-post til dei som har det. I 2015 var det to av lagssendingane som berre vart sende på e-post. Lagssendingane retta seg inn mot drifta i lokal- og fylkeslag, og inneheld til dømes årsmeldingsskjema, medlemslister og informasjon om landsmøtet, kampanjar, loddslal, verving og anna organisasjonsarbeid. Tett før nyttår vart det sendt ut e-post til leiarane i laga for å mobilisere til medlemsverving dei siste dagane før nyttår. I tillegg til dette sender vi ut Nytt om nynorsk på e-post til alle som ønskjer å ta imot.

## REISE TIL LOKALLAG OG FYLKESLAG

Målet er at Noregs Mållag sentralt skal vere til stades på alle fylkesårsmøte. I 2014 greidde vi det berre nesten, men i 2015 ser det ut til at vi får til å vere til stades på alle fylkesårsmøte. Når vi gjestar fylkesårsmøte, legg vi vekt på at representanten skal seie nokre ord på vegner av Noregs Mållag. Målsetnaden er at sentrallekken skal

vitje 30 lokallag i løpet av året. Både i 2014 og 2015 vitja vi om lag tjue lokallag kvart år. Sjølv om vi har treft mange lokallag gjennom å stille opp og snakke på seminar og lokallagssamlingar som fylkeslaga inviterer til, så er det viktig at vi i større grad inviterer oss ut i lokallaga gjennom året.

## ORGANISERING AV FØREDRAGHALDARAR

Mållaget har ikkje organisert tilbod til lokallaga om føredragshaldarar dei to siste åra. Når lokallag har spurt, har vi kome med tips og framlegg til konkrete namn på aktuelle og gode føredragshaldarar.

## VALKAMPEN

Noregs Mållag peika ut fire viktige saksfelt for nynorsken i lokalvalkampen i 2015. Desse fire emna var ikkje like aktuelle i alle kommunar, og det var opp til lokallaga sjølve kva dei ville gjere i valkampen. Dei fire sakene var: kommunereforma, nynorskopplæring for vaksne innvandrarar, språkdelte ungdomsskule – «Odda-modellen» og målbruksplan

Vi laga eige materiell knytt til dei tre fyrste emna. Informasjon om desse saksfelta gjekk ut til lokallaga våre rett før sommaren. Nokre av desse emna vart tekne opp att i ei utsending rett over sommaren. Fleire av dei lokale mållaga hadde valmøte om dessa tema. Fleire har også sendt ut lesarbrev og utfordringar til lokale kandidatar.

## SAMARBEID MED NORSK MÅLUNGDOM

Det har vore eit godt samarbeid med Norsk Målungdom i perioden. Lokale målfolk er rause med både husrom, servering og skyss når Norsk Målungdom ber om lokal hjelp til skulevitjingsarbeidet deira. Norsk Målungdom har vore med på Nynorskstafetten både i 2014 og 2015, og dei nesten seks vekene vi har vore på tur saman, har heilt klart vore den viktigaste konkrete støtta frå oss til skulevitjingsarbeidet. Då er det Mållaget som betaler reise og opphold, medan Norsk Målungdom ordnar eigne avtalar. Norsk Målungdom peikar på at dei i desse stafettane har fått kome ut til område og skular dei elles ikkje hadde fått vitja. Samstundes blir det godt samhald mellom sentrallekkan av å vere på tur i lag og utføre så mange oppgåver og møte saman.

## LOKAL- OG FYLKESMÅLLAGA

I 2014 og 2015 leverte laga inn årsmelding for høvesvis 2013 og 2014. For 2013 vart det levert inn 150 årsmeldingar frå lokallag og yrkesmållag. Tilsvarande tal for 2012 var 143 årsmeldingar, og 137 årsmeldingar for 2011. Med andre ord auka det jamt fram til dette. For 2014 kom derimot ein stor nedgang, truleg fordi det ikkje var landsmøte i 2015. 119 lokal- eller yrkesmållag leverte årsmelding for 2014, medan 11 fylkeslag leverte 17 fylkesmållag leverte årsmelding for 2013, og for

2012 var talet det same. For dei tre siste åra sedde under eitt, er det 169 ulike lokal- og yrkeslag og 18 fylkesmållag som har levert årsmelding. Laga som ikkje sender inn årsmelding, får ikkje nytta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden eller betalt ut lokallagsdelen av medlemspengane. Sju av laga våre er med i både Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

### OPPATTSKIPING AV LOKALLAG

Dei siste åra har vi arbeidd meir systematisk med å skipe opp att lokale mållag. Nokre oppattskipingar får ein god og aktiv start med ein gong, andre stader lyt vi arbeide meir for å finne dei som vil ta på seg tillitsverv. I 2014 var det skipa opp att to lag. Det var Vestre Slidre Mållag i Valdres og Bømlo Mållag i Hordaland. I 2015 vart det skipa og oppattskipa seks lag. Stranda Mållag på Sunnmøre er eit nyskipa lag. Det same er Senjamållaget i Troms og Finnmark Mållag. Dei andre oppattskipa laga er Balestrand Mållag i Sogn og Fjordane, Tysvær Mållag i Karmsund og Sirdal Mållag og Åseral Mållag i Vest-Agder Mållag. I 2015 har det også blitt arbeidd med og halde møte med fleire andre lokallag, men der lyt vi arbeide meir for å få til aktivitet. Til no i 2016 har Dalane Mållag i Rogaland vorte skipa opp att.

### KURS OM NETTSIDE OG SOSIALE MEDIUM

Vi har ikkje laga eigne kurs med dette som emne, men vi har vore innleiarar på kurs og seminar som fylkesmållaga har laga. Vi har òg halde kurs som ein del av eigne seminar eller på landsrådsmøte. Internett og sosiale medium kan vere viktige informasjonskanalar for dei lokale mållaga. Å ha dette som eige emne på seminar er lærerikt som ideutveksling, drøfting og som praktisk læring.

I perioden skal alle nyvalde leiatarar verta tekne godt imot og få tilbod om skulering frå sentralleddet. Mållaget skal skipa til årlege seminar, og spesielt i år utan landsmøte skal det satsast mykje på dette seminaret. Hovudmålgruppa for seminara skal vera lokallagsleiatarar. Noregs Mållag sentralt skal systematisera arbeidet med å samla inn og spreia gode døme på lokalt målarbeid. Styret og skrivarstova skal samarbeida med fylkesmållaga om å organisera regionale samlingar der det er interesse for det, som eit supplement til haustseminaret.

### LANDSMØTET 2014

Førre landsmøte var på Quality Airport Hotel Gardermoen frå fredag 4. til sundag 6. april 2014. I høve 200-årsjubileet for Grunnlova var det omvising i Eidsvollsbygningen fredag ettermiddag, og Mats Ljøgodt frå Øvre Romerike Mållag heldt kåseri under middagen. Stortingsrepresentant for Arbeiderpartiet og leiar i kontroll- og konstitusjonskomiteen Martin Kolberg

kom til landsmøtet for å ta i mot målblome og for å snakke om å få Grunnlova på nynorsk. Han heldt eit gripande innlegg om kvifor Stortinget første gong burde gå inn for å få Grunnlova på nynorsk.

I høve grunnlovsjubileet held professor Hilde Sandvik innleiring om samanhengen mellom demokrati og nasjonalt sjølvstende.

Eli Bjørhusdal og Trond Trosterud la fram ein språkpolitisk analyse av stoda for nynorsken i og utanfor skulen, med hovudvekt på opplæringsfeltet, og Åse Wetås snakka om Norsk ordbok og ordboksamlingane.

Det var 131 utsendingar på landsmøtet og 51 tok ordet i løpet av møtet. Det var mange som ville ta ordet i ordskiftet om arbeidsprogrammet, og det kom inn mange endringsfremlegg til programfremleggelsen. Det vart vedteke fem fråsegner i møtet: Grunnlova på nynorsk no!, Odda-modellen må verta allmenn – full språkdeling til og med ungdomsskulen i målblanda skulekrinsar, NRK må spegle og styrke eit fleirspråkleg Noreg, Slepp nynorsken til! og Tidleg og god språkstymulering på nynorsk er naudsint.

På festmiddagen laurdag kveld vart Hans Olav Tun gesvik utnemnd som heidersmedlem.

Det vart også tid til tre parallelle seminar: Steinulf Tun gesvik snakka om kommunereforma, Trond Trosterud hadde skrivekurs for Wikipedia og Ragnfrid Trohaug snakka om nynorsk barnelitteratur.

NRK Super fekk Målprisen 2014. Nynorsk barnelitteraturpris 2013 gjekk til Erna Osland for boka *Nasevis* og Nynorsk litteraturpris 2013 gjekk til Sigrun Slapgard for boka *Englestien*.

Landsmøtet vart mellom anna brukt til å få fram politisk støtte til å få Grunnlova på nynorsk. Saka var svært aktuell, og på den tida vi hadde landsmøte, var det slett ikkje sikkert kvar sak skulle ende. Vi fekk noko pressedecking på dette. I tillegg vart sakana om Odda-modellen køyrd fram som ei viktig mediesak. Vi fekk bra pressedecking på prisutdelingane våre og på utnemninga av ny heidersmedlem. Elles vart det noko pressedeckning rundt nye styremedlemer.

### HAUSTSEMINAR I ODDA

I september 2014 inviterte Noregs Mållag til haustseminar i Odda. Hovudoverskrifta for seminaret var «Kan Odda-modellen bli nasjonal politikk?». Første seminar dag vart ordninga med språkdeling i ungdomsskulen i Odda snakka om frå fleire ulike ståstader. Dagen etter var det kommunereform som var hovudemnet. I tillegg fekk seminardeltakarane høyre om prosjektet «Hått halling» i Buskerud og skulemålsrøyting i Holet. Det var ei flott lokal ramme rundt haustseminaret i Odda. Det var omvising i Odda på laurdag føremiddag og om kvelden var det festmiddag med lokale kulturinnslag i Norsk vasskraft- og industrimuseum i Tyssedal. Det var om lag 70 deltakarar innom på seminaret.



**OPP AV DVALE:** Etter 23 år i dvale vakna Tysvær Mållag til live att i 2015. Her representert ved det ferske styret. Frå venstre: Knut Harald Nesse, Hilde Gunn Kvamen, Grete Lønning, John Ragnar Susort, Synnøve Bredal Bjelland (leiar), Jan Øvernes og Margit Aarset. (Foto: Tysvær Mållag)

## VÅRSEMINAR I FREDRIKSTAD

Den nye ordninga er slik at i dei åra vi ikkje har landsmøte, skal det sentrale seminaret leggjast til våren, medan hausten skal brukast til fylkesseminar eller regionale seminar. Det første vårseminaret vart lagt til Fredrikstad i mars 2015. Dette seminaret hadde eit breitt program med emne som språklov, kommunereform, offentleg målbruk, nynorsk barnelitteratur, kampagne for nynorsk for vaksne innvandrarar, er nynorsk eit språk eller ei målform og valkamp 2015. Seminaret på Litteraturhuset i Fredrikstad var i strålende flott vårvêr, og om lag 70 deltakarar var innom. På laurdagskvelden var det festmiddag med svært gode lokale kulturinnslag, og på sundagen vart Østfoldmålpisen 2015 delt ut av Østfold Mållag.

## KVEN, KVA, KORLEIS I NOREGS MÅLLAG

Vi har laga eit eige kortfatta organisasjonshefte retta inn i mot tillitsvalde i Noregs Mållag. Heftet går gjennom korleis Noregs Mållag fungerer. Alle lokallag har fått tilsendt heftet. Styret i nyskipa eller oppattskipa lag har også fått heftet, og vi prøver å få sendt heftet til nye lokallagsleiarar. Ein kan også finne det på nettsidene våre.

## SKULERING AV LOKALLAGSLEIARAR

I framkant av vårseminaret sende vi ut tilbod til alle nye lokallagsleiarar og fylkeslagsleiarar om å kome til Fredrikstad på fredagen for å få ein ekstra skuleringsdag. Då var det ei ideologisk innleiing om kvifor nynorsk, og meir praktiske emne om pressearbeid, økonomi og organisasjonsarbeid. Dette var ei god samling, og vi vil lage til fleire slike skuleringsmøte.

## REGIONALE SEMINAR

Styret har dei siste åra gjeve støtte til fylkeslag som ynskjer å lage fylkes- og regionale seminar. Seminar på Nordmøre, på Sunnmøre, i Austmannalaget, i Trønderlaget, på Agder, i Bergen og i Rogaland har hatt god oppslutning siste åra. Slike regionale seminar er viktige både fordi målfolk kjem saman for å drøfte målpolitikk og for skulering av tillitsvalde. Sentrallekken har stort sett vore til stades på dei regionale seminara, og oftast halde innleiing.

Noregs Mållag skal ha eit stabilt, høgt medlemstal og vera opptekte av å auka det. Sentrallekken skal stimulera arbeidet med å få nye medlemer. Spesielt viktig er

det å verva unge medlemer. Styret skal difor i samråd med landsrådet kvart år spesifisera mål for vervingsarbeidet.

## VERVING OG VERVETILTAK

I 2015 fekk Noregs Mållag ein gledeleg medlemsauke. I løpet av året vart det verva 680 nye betalande medlemer, og dette gav ein auke på 296 medlemer, slik at medlemstalet enda på 12 022 medlemer. Det var veldig kjekt å kome over 12 000 medlemer att, etter at vi i 2014 enda på 11 726 medlemer. Det året miste vi 438 medlemer. At vi greidde å snu medlemsnedgang til medlemsoppgang, kom fyrst og fremst av at fleire fornya medlemskapen sin. Det kan ha fleire forklaringar. Vi trur fleire gjer eit arbeid lokalt med å minne på eigne medlemer om å betale. Dessutan har vi brukt Facebook aktivt til å minne om vervning og fornying, og vi trur det får fleire til å betale. Vi skal heller ikkje undervurdere effekten av at vi greier å nå ut med dei viktige sakene vi arbeider med. Då ser fleire at det er viktig å vere medlem. Mållaget betaler for ei teneste hjå Posten med elektronisk adresseoppdatering. Dimed unngår vi i stor grad å miste medlemer fordi dei flytter og gløymer å melde frå til oss om ny adresse.

I 2015 var det først og fremst ein veldig god medlemstilgang siste del av året. Mellom 1. oktober og 31. desember fekk Noregs Mållag 360 nye medlemer.

Vi sende vervegiro og flygebladet «Nynorsk i kommunane» til om lag 6500 folkevalde. Dette har til no gjeve knapt 60 nye medlemer. I tillegg kom mange fra verveoppdateringar på sosiale medium, i hovudsak Facebook. Ei av oppdateringane vart delt 77 gonger, det trur vi er rekord. Vi lokka også med fine premiar til fem tilfeldig trekte nyinnmelde.

Det viktigaste skrivarstova kan gjere for å få lokal vervning, er å leggje til rette for at det er så enkelt som råd er å drive vervearbeid og melde seg inn. Det er også viktig at vi har variert og godt veruemateriell til lokale mållag. Det er nokre mållag som er veldig flinke til å verve, og det er andre som treng å trenne seg på å verve.

I romjula i 2015 såg vi at vi var svært nære på å nå 12 000 medlemer. Då sende vi ut ekstramelding til lokallaga, og det var fleire som fekk verva ekstra desse juledagane.

Innmeldingstenesta på SMS er mykje brukt. Fordelen med denne tenesta framfor ein del andre verzemåtar, er at den som lèt seg verve, betaler medlemspengar med ein gong over mobilrekninga. Det er dverre kvart år slik at somme av dei som melder seg inn i organisasjonen på andre måtar, ikkje betaler medlemspengegiroen når denne kjem.

Sjølv om medlemstilgangen har vore god dei siste åra, er det vanleg at ein del medlemer forlèt organisasjonen. Nokre melder seg ut, nokre lèt vere å betale,

og andre igjen fell frå. I det oppgjevne medlemstalet er det berre betalande medlemer som er rekna med. Vi sender medlemspengekrav og to betalingspåminningar kvart år. I desember 2015 sende vi for første gong ei ekstra påminning på tekstmelding og e-post til dei som enno ikkje hadde betalt medlemspengane. Då fekk vi 48 betalingar. Medlemer som ikkje hadde betalt dei siste tre åra, fekk òg ei påminning og eit tilbod om å bli med vidare. Nokre betaler, og resten vert utmelde. Det er ti lokallag med lokal innkrevjing og tre lag med lokal distribusjon, resten er inne i det sentrale systemet. I februar 2014 vart det innført eit nytt medlemsregister. Det har teke lang tid å få alt til å fungere, men no er vi i mål og klare til å utvikle betre tenester i systemet.

## MEDLEMER

Fultt medlemsoversyn er å finne på side 52. Tabellen under syner oversyn over medlemstalet gjennom dei siste ti åra, med innmelde og utmelde for kvart år. Som de vil sjå av tabellen, er det viktig å verve nye medlemer. Det aller viktigaste er likevel å halde på dei som er medlemer frå før. I 2014 verva vi nesten like mange som i 2015, men vi miste rundt 1000 medlemer mot berre knapt 300 året etter. Det utgjer skilnaden på stor nedgang og stor vekst.

År	Medlemer	Endring	Nyinnmelde
2005	10162	+21	375
2006	10167	+5	389
2007	10323	+156	504
2008	10251	-72	756
2009	10125	-126	419
2010	10068	-57	718
2011	10433	+365	986
2012	12256	+1823	2027
2013	12164	-92	783
2014	11726	-438	600
2015	12022	+296	680

Noregs Mållag skal vidareutvikla [www.nm.no](http://www.nm.no), [www.nynorskklasse.no](http://www.nynorskklasse.no), Norsk Tidend og det elektroniske nyhendebrevet Nytt om nynorsk slik at dei fungerer som inspirasjonskjelder for målarbeidet lokalt. Noregs Mållag skal vera synleg og kreativ i sosiale medium, og hjelpe lokallaga som ynskjer det, med å vera det same.

Styret har fullmakt til å arbeida for at skrivarstova skal koma i eige hus dersom dette vert rekna for tenleg.

## PRESSE- OG INFORMASJONSARBEID

Noregs Mållag gjer eit så aktivt presse- og mediearbeid som vi har kapasitet til. Innimellan ser vi at vi gjerne skulle brukt endå meir tid på dette feltet. Vi sender ut pressemeldingar i saker der vi meiner det er rett å uttale



ATTVAL: På landsmøtet i 2014 ville landsmøtet at Marit Aakre Tennø skulle halde fram som leiar i to år til. Det takka ho ja til. (Foto: Hege Lothe)

seg til alle. I nokre saker vel vi å ringje eller gå direkte til dei i pressa som vi meiner bør vere spesielt interesserte. Strategien avgjer vi frå sak til sak, og leiaren i Noregs Mållag er svært sentral i dette arbeidet. I nokre saker høver det best for oss å skrive om ei sak på våre heimesider eller i Norsk Tidend, men også då opplever vi at saker blir plukka opp av pressa.

## HEIMESIDENE

Nettsidene til Noregs Mållag er [www.nm.no](http://www.nm.no). Vi har også tinga noregsmallag.no og noregsmållag.no, som fører til same heimesidene. Nettsidene skal vere ein stad der ein kan få oppdatert informasjon om Mållaget både for dei som arbeider med målsak jamleg, og for dei som tilfeldigvis er innom. Vi arbeider jamt med å utvikle sidene både i struktur og innhald. Siste året har skrivarstova arbeidd med å få til nye nettsider, og vi vonar å sjå resultat av det arbeidet i 2016. Sidene blir oppdaterte med aktuelle saker fleire gonger i veka, både pressemeldingar, lesarbrev, medieoppslag, høyningsfråseigner og andre aktuelle tekstar. Det vart publisert 144 nyhendesaker og om lag 140 kalenderoppsslagn i 2014. Det vart publisert 111 nyhendesaker og om lag 106 kalenderoppsslagn i 2015. Heimesidene bør innehalde endå meir informasjon som kan vere nyttig i ein lokallagskvardag. Vi ser at vi bruker Facebook meir til

daglege oppdateringar, og dermed blir litt færre saker lagde ut på heimesidene. Noregs Mållag har også ei nettside som heiter [www.nynorskkasse.no](http://www.nynorskkasse.no). Ho blir ikkje oppdatert gjennom året. Ho gjev enkel informasjon om kva som skal til for lage nynorskkasse.

## NORSK TIDEND

Norsk Tidend er medlemsavisa til Noregs Mållag. Avisa blir send ut til medlemene i Noregs Mållag og Norsk Målungsdom, og til tingarar av avisas. Avisa kjem ut fem gonger i året, med eit samla sidetal på 160 sider. Opplaget er 13 500. Kjartan Helleve er redaktør, og avisas blir redigert etter redaktørplakaten.

Medlemsavisa held og skal halde fram med å følgje med på stoda for nynorsk, gje informasjon til medlemene i mållaget og rapportere om arbeidet laget gjer. Nokre av skribentane har vore faste: Karoline Opsal Marøy/Preben Sørheim (dagleg leiar Kringkastingsringen), Karl Peder Mork/Synnøve Marie Sætre (leiar i NMU), Marit Aakre Tennø (leiar i Noregs Mållag). Knut P. Bøym har vore knytt til avisas som spaltist, og Janne Nygård, Arild Torvund og Sigmund Falch leverer faste bidrag. Laurits Killingbergtrø lagar kryssordet. Bladet blir sett av Språksmia og trykt hjå Nri Trykk. Skrivarstova skriv det meste av det redaksjonelle inn-



**NYNORSKSTAFETTEN 2015:** Øystein Skjæveland frå Noregs Mållag, Synnøve Marie Sætre, leiar i Norsk Målungdom og Torje Karsten Grindheim frå Grindheim Mållag er klare for ein ny dag på vegen. (Foto: Hege Lothe)

haldet i avisa, men hentar også ein del stoff frå Nynorsk pressekontor, lokalaviser og andre skribentar.

#### NYTT OM NYNORSK

Nytt om nynorsk er eit ope elektronisk nyhendebrev som blir sendt ut via e-posttenesta Mailchimp. I 2014 sende vi ut 18 nyhendebrev medan det i 2015 var elleve. Planen vår er eitt nyhendebrev i månaden. Det er i skrivande stund 3850 abonnentar, og vi melder på til-litsvalde i organisasjonen og nye medlemer som måtte ønskje det, etter kvart. I snitt opnar 31,1 % av mottakarane e-posten, og 6 % klikkar på minst éi av sakene for å lese meir. Innhaldet er viktige nynorsksaker frå nyhendebiletet sidan førre utsending, attåt våre eigne saker om verving, prisar eller liknande.

#### SOSIALE MEDIUM

Rett før landsmøtet i 2014 oppretta vi profil på Instagram. Denne har i dag 1642 følgjarar, og vi har lagt ut 339 bilete av mellom anna vervekampanjar, bokfjes, julegåvetips, nynorskstafetten og grunnlovstur. Sidan førre årsmelding har følgjartalet på facebooksida vår stige frå 4000 til 7239, og målet bør vere å nå 10 000 innan neste årsmøte. På Facebook legg vi ut om lag éi sak om dagen, nynorsknyhende, vervesaker, tilskipingar og anna. Facebook er utan tvil mediet vi når flest

gjennom. Sakene med høgast sjåartal sidan førre landsmøte er Hedmark FrP sitt ønske om folkerøysting om nynorsk, grunnlovsvedtaket, Coca Cola med «kjær-leik» på, den italienske skiskyttaren Dorothea Wierer, Jens Brekke si bot, 202-årsdagen til Ivar Aasen, 100 000 fleire nynorskbrukarar på ti år, nynorsk i Donald og saka om prinsesse Ingrid Alexandra. Desse er alle sedde av kring 20 000. Vi sponsrar innlegg vi meiner er viktige at når ut til flest mogeleg brukarar. I tillegg legg vi med ujamne mellomrom ut bilete på Flickr, og er også til stades på Twitter.

I denne fireårsperioden skal sentrallekken skipa til ein skuleringsturné, der ransonene har høg priorititet. Målet er at laga skal vera godt budde til skulemålsrøystingar og andre aktuelle kampsaker.

Noregs Mållag skal gjennomføra organisatoriske tiltak for å styrkja nynorsken og særleg nynorsk skulemål i viktige ransonar.

Vi har ikkje fått arbeidd med skuleringsturné i denne arbeidsbolken.

For nynorsken er det viktig å vera til stades i heile landet. Slik sett er det viktig å stø opp om arbeidet for nynorsk i Nord-Noreg, og spesielt viktig med nynorsk-klasearbeidet i Målselv.

## NYNORSK I NORD

Skulemållskrivaren var i Målselv og Tromsø tre dagar i mars 2015 og møtte mållaga der og hadde målferd på Nordkjosbotn vgs. Det var også møte med norskseksjonane på lærarutdanninga i Tromsø og på Kongsbakken vgs og med nordisk på UiT.

I komande fireårsperiode skal Noregs Mållag kvart år gjennomføra ein to-tre vekers stafett etter inspirasjon frå Nynorskstafetten. Hovudemne og område vedtek styret kvart år. Viktige satsingsfelt kan til dømes vera positive sidemålforsøk, nynorsk i media, ungdomsskulesatsing, parallelklassar med nynorsk og målungdomsarbeit.

## NYNORSKSTAFETTEN 2014

Styret vedtok at satsingsområdet dette året skulle vere nynorskskular og barnehagar i randsonene/kampsonene for nynorsken med vekt på Karmsund og Nordhordland. Stafetten varte i 2,5 veker og vitja elleve kommunar over tolv kvarldagar i perioden 10.-25. november. Vi var innom kommunane Etne (Skånevik), Karmøy, Tysvær, Bokn, Haugesund, Lindås, Radøy, Meland, Bergen (Arna), Masfjorden og Austrheim.

Vi gjennomfører stafetten i samarbeid med Norsk Målungdom, og denne gongen var seks frå sentrallekken i Noregs Mållag og to frå Norsk Målungdom på vegen. I tillegg var Øystein Skjæveland innleid medarbeidar. Forfattarane Roald Kaldestad og Helga Gunerius Eriksen var også med i høvesvis tre dagar og éin dag.

Vi hadde leigd bil i Oslo som var dekorert over det heile og var romsleg nok til å få plass til både mannskap og materiellet vi hadde bruk for på turen.

I løpet av stafetten møtte vi om lag 250 barnehageborn, 1200 barneskulelevar, 700 ungdomsskulelevar og 350 elevar i den vidaregåande skulen. Vi hadde også møte med barnehagetilsette og lærarar dei stadene vi var på besök.

Alle fekk informasjonsmateriell om kvifor det er viktig å sikre nynorskelevane så mykje nynorsk som råd til dagen og dessutan nynorske barnebøker til bruk i klasserommet og i barnehagen. Alle skuleborna fekk også nokre eksemplar av Norsk Barneblad og nynorske teikneseriehefte. Kommunetilsette, bibliotekarar og lærarar fekk blant anna katalog frå Samlaget med oversyn over nynorske barne- og ungdomsbøker. Av eige

materiell har vi delt ut flygeblad om nynorsk i skulen, kommunereformrapporten og jakkemerke.

Erfaringane viser at det er like viktig å gjøre både borna og dei vaksne medvitne om dei språklege vala og påverknadene i det daglege. Det er lett for at lesetreningsopplegget på mellomtrinnet ved ein rein nynorskskule viser seg å ha 80 % bokmålsbøker. Slike og andre utslag av «gamal vane» kan ein få tenkt nytt om gjennom ein skikkeleg samtale om kor stor påverknadskraft den daglege språkbruken står for.

Vi hadde to oppstartsmøte for lokallag under stafetten; i Tysvær og i Masfjorden. Tysvær har i ettertid kome betre på føtene enn Masfjorden, men også i Masfjorden har vi fått kontaktperson og har von om at dei kjem ordentleg i gang.

## NYNORSKSTAFETTEN 2015

I 2015 vedtok styret å satse på randsonene/kampsonene for nynorsken på Agder, Jæren og i Ryfylke. På denne stafetten prioriterte styret at vi skulle prøve å få møte med kommuneleiinga flest mogleg stader, vitje skular med nynorsk eller berre nynorsk frå barneskule, ungdomsskule og vgs, ha møte med lærarar og rektorar, og nokre barnehagebesøk. I tillegg satsa vi på lese- og songstund på ettermiddagane og lokallagsmøte av ulike slag på kvelden.

Denne gongen var vi på vegen i tre veker og nådde over 15 kommunar på 14 kvarldagar i perioden 12.-30. oktober. Kommunane som fekk gjesting, var Sirdal, Audnedal (Byremo), Hægebostad, Åseral, Kvinesdal, Bjerkreim, Hå, Time, Klepp, Sola, Hjelmeland, Strand, Rennesøy, Finnøy og Sauda. Vi deltok også på stand ein heil dag på Sørlandske lærarstemne i Kristiansand og var med på haustseminaret til Mållaga på Agder den første helga. Også denne gongen hadde vi eigendekort leigebil med oss frå Oslo.

Tre frå Norsk Målungdom og fire frå sentrallekken i Mållaget var med på stafetten. Øystein Skjæveland var også denne gongen innleid medarbeidar, og forfattaren Vegard Markhus var med to dagar med opplegg for skuleklassar.

Vi hadde sett oss høge mål for organisasjonsbygginga denne gongen, og hadde planar om skipingsmøte heile seks stader. Det resulterte i heile tre nye lag: Sirdal, Åseral og Dalane Mållag. I Hå, Finnøy og Sauda fekk vi ikkje i gang nye lag, men vonar det kan kome etter kvart.

Samlaget var med på laget denne gongen og stilte med «godtepøse» med Leseland-bøker og anna informasjonsmateriell. Dei var også med å spleise på forfatarkostnadene. I tillegg hadde vi mykje eige materiell å dele ut til både born og vaksne.

Vi hadde samlingsstund i ni barnehagar, og lesestund på biblioteket fem stader. Vi hadde møte med tolv kommunar, i IKS, rektor eller andre i skuleleiinga ved tolv skular, to bibliotekarar og tre barnehagar (styrar

eller pedagogiske leiarar). Vi stod på stand to stader og hadde elleve kveldsmøte, i hovudsak med og for eigne lokallag. Ikkje minst møtte vi om lag 200 barneskulelevar, 500 ungdomsskulelevar og 550 elevar i den vidaregåande skulen.

Møte med kommunane var høgt prioritert, og vi hadde stort sett møte med kommunaleiingane der vi var. Vi hadde konkrete utfordringar å kome med til desse kommunane, både med kommunereform, nynorsk for vaksne innvandrarar og stoda i ungdomsskulen, og det gjorde møta svært nyttige og informative.

Vi får sjølve mykje kunnskap av å vere ute på desse reisene, og det gjev oss viktig innsikt i konkrete problemstillingar som vi må vere merksame på og ta tak i for å sikre at vilkåra ligg til rette for å ta nynorsken i bruk på alle område. Samstundes får vi delt mykje med dei vi møter, og av og til er eit møte nok til å få rydda mistydingar av vegen eller få tilført informasjon som gjer at det blir enklare å halde fast ved nynorsk.

### 5.6 Organisasjonsnemnda

Organisasjonsnemnda skal arbeida med å gjera organisjonen slagkraftig og aktivistisk. Nemnda skal skulera leiarar, leiaremne og i tillegg medlemer i kommunar og regionar der det kan bli skolemålsrøytingar.

## ORGANISASJONSNEMNDA

Styret sette saman ei nemnd på fem tillitsvalde. Desse fem har hatt eitt møte på telefonkonferanse, og har hatt noko e-postutveksling. På møtet gjekk nemnda gjennom alt informasjonstilfanget vi tilbyr tillitsvalde og lokallag. Denne gjennomgangen har ført til nokre endringar i opplegget for distribusjon av materiell. Dernest gjekk organisasjonsnemnda gjennom korleis ein ønskjer eit opplegg med tips til føredragshaldarar som lokale mållag kan bruke når dei vil lage seminar eller møte, og tips til emne på regionale seminar. Det krev noko oppfølgingsarbeid frå skrivarstova før dette er gjennomført.

# Økonomi



Den økonomiske stoda for Mållaget har betra seg dei siste åra, og 2015 enda med eit uplanlagt og uventa stort overskot. Ein stor del av overskotet skriv seg frå ei ny tilskotsordning frå staten, der organisasjonar som ikkje hadde speleautomatar i si tid, også no skal få kompensasjon i ein overgangsperiode. I tillegg gjekk vi med 278 000 i overskot i 2014. Det har gjort at eigenkapitalen vår no er styrkt med godt over 1 000 000 kroner. Ein god eigenkapital kan vere avgjerande i uventa situasjonar som krev styrkt innsats frå Mållaget over ein periode. Det er framleis slik at brorparten av inntektene våre kjem frå medlemene, gjennom medlemspengar, målgåver og loddsal. Det gjer stillinga vår temmeleg fri, og framtida for organisasjonen ubunden av skiftande politiske fleirtal.

## KOMMENTARAR TIL REKNESKAPEN

Rekneskapen for 2014 viser eit overskot på 278 000 kroner og 2015 eit overskot på 1 013 579 kroner, medrekna finansinntekter. Det var budsjettert med underskot på 32 000 og 42 000 kroner som styret i seinare revisjonsvedtak forandrar til overskot på 23 000 og 20 000 kroner. Attåt uventa inntekter før årsskifte sist, kjem overskota også av godt budsjettarbeid der det ofte lukkast å gjere resultatet på dei enkelte postane litt betre enn oppsett. Noregs Mållag har no ein positiv eigenkapital på 5 007 595. Skrivarloftet (husværet i Schweigaardsgate 52) er bokført med kjøpesummen i 1992 medan marknadsverdien truleg er om lag sju gonger så høg. Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte.

Under nokre av postane under står 2015-talet først, deretter står 2014-talet i parentes.

## SAL AV MATERIELL

Posten gjeld sal av tilfang (servise, bøker og anna profilingsmateriell).

## NORSK TIDEND

Norsk Tidend kom ut med fem nummer både i 2014 og i 2015. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Tingartalet har vore stabilt.

## KULTURLOTTERI

Lotteriet er tufta på friviljug sal ute i laga og direktesal frå skrivarstova. I 2015 selde laga 2 535 lodd (3390 lodd), og medlemene kjøpte 15 815 lodd (15 655 lodd) direkte frå skrivarstova. Salet var om lag som budsjettert.

## MEDLEMSPENGAR

Talet på medlemer gjekk ned med 438 i 2014 og opp att med 296 i 2015. Det gjev også litt variasjon i medlemspengeinntektene.

## PRISAR OG STIPEND

100 000 kroner er løyving frå Kulturdepartementet til utdeling av to stipend à 50 000 kroner. Ordninga er årvisse. 20 000 kroner er frå Samlaget og Det Norske Teatret for Nynorsk litteraturpris som vi står saman om å dele ut.

## MØTE- OG SEMINARINNTEKTER

Denne posten inneholder haustseminaret i Odda 2014 og vårseminaret i Fredrikstad 2015.

## TENESTESAL

Inntekter på nynorsk kurs som skrivarstova kan tilby, og på tenester der andre nærskyldne tiltak er med og spleisar.

## MÅLGÅVER

Innbetalingar over gåvegiroane som ligg ved Norsk Tidend.

## STATSTILSKOT

Driftstilskot frå Kulturdepartementet på 4 128 000 kroner (3 996 000 kroner), i tillegg fekk vi 400 000 kroner båe åra frå Utdanningsdirektoratet til «ålmenne føremål i grunnskulen».

## PROSJEKT I FYLKESLAGA

Kostnadene med tilsette for Agderfylka og for Buskerud Mållag går gjennom sentrallekken. Inntektene her er innbetaling frå desse fylkeslaga, som svarer til dei kostnadene vi har hatt (synleg på eiga linje under kostnader). Sentrallekken har dermed korkje vinst eller tap på denne posten, men tek seg av lønsadministrasjonen som ei rein teneste for fylkeslaga det gjeld.

## ANDRE LAGSINNTEKTER

I 2015 fekk vi 734 258 kroner frå tippemidlane frå ei overgangsordning som er sagt å skulle vare til 2017. Summen vi får tildelt kan variere frå år til år.

## LEIGEINNTEKTER

Leigeinntekter frå skrivarloftet (i Schweigaardsgate 52) og kontorplass til Kringkastingsringen og Norsk Målungsdom.

## UTTAK AV VARER

Gåver til innleiarar og andre.

## YMSE

Posten inneholder momsrefusjon og refusjon som gjeld frikjøp av tilsette som har politiske verv.

## LØYVINGAR OG GÅVER

Offentlege tilskot	2015	2014
Kultur- og kyrkjedep.	4 128 000	3 996 000
Utdanningsdirektoratet	400 000	400 000
Lottstift-tippemidlar	734 258	
<b>Sum, offentlege tilskot</b>	<b>5 262 000</b>	<b>4 396 000</b>

## MATERIELL FOR SAL

Det meste av kostnadene her gjeld profiltilfang, aksjonsmateriell, bøker innkjøpte for vidaresal og endring i varelageret.

## NORSK TIDEND

Om lag 210 000 er utforming og trykk av Norsk Tidend. 450 000 er adresserings- og portokostnader. Elles ligg det også kostnader som reiser og kjøp av artiklar og biletar i denne posten.

## ANDRE TRYKKJEKOSTNADER

Kostnader med flygeblad og anna materiell til aksjonsbruk.

## KULTURLOTTERI

I hovudsak vinstar, porto og trykking av lodd. Elles kostnad for løyve og for destruksjon av ikkje selde lodd.

## REFUSJON MEDLEMSPENGAR

Refusjon av medlemspengar skal gjeraast 1. mars kvart år. Refusjon medlemspengar for 2015 er utrekna til totalt 797 000 kroner (710 000 kroner). Dei fleste fylkeslaga har ein sats på 20 kroner per medlem og dei fleste lokallaga ein sats på 40 kroner.

## LØN OG HONORAR

Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og engasjerte, arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, pensjonspremie, honorar til revisjon. Honorar til kursinntilteilarar, skribentar i Norsk Tidend og prosjektarbeid er ført på dei respektive prosjekta. Refusjon av sjukepengar er ført her. Oversyn over stillingar og tilsette står på side 40 under 'Skrivarstova'. Dagleg leiar er plassert i lønssteg 65 i statsregulativet.

## LØNSKOSTNADER OG GODTGJERSLER

Lønskostnader	2015	2014
Løn, feriepengar o.l.	4 312 522	3 840 639
Folketrygdavgift	567 542	526 932
Anna godtgjersle	192 541	62 068
<b>Sum lønskostnader</b>	<b>5 072 605</b>	<b>4 429 639</b>

Gjennomsnittleg tal på tilsette: 6

Godtgjersle 2015	Dagleg leiar	Styret
Løn	580 107	494 563
Anna godtgjersle	64 844	56 108
<b>Sum godtgjersle</b>	<b>644 951</b>	<b>550 671</b>
Godtgjersle 2014	Dagleg leiar	Styret
Løn	587 054	425 773
Anna godtgjersle	51 167	44 166
<b>Sum godtgjersle</b>	<b>638 221</b>	<b>469 939</b>

## REVISOR

Kostnadsført revisjonshonorar for 2015 er kr 87 500,- og 88 125,- for 2014.

## TENESTESAL

Kostnader med kurstilbod.

## HUSLEIGE OG STRAUM

Posten inneholder husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige, straum og ymse kostnader til husværet i Schweigaardsgate 52 er òg

førde her. Husleigeposten er bruttoførd. Det vil seie at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter.

#### **DRIFTS- OG KONTORUTGIFTER**

Porto og telefon utgjer 454 000 kroner (430 000 kroner). Elles er det leige av kopimaskin og frankeringsmaskin med driftsavtale, IT-kostnader (mellan heimesida), rekvisita som kopipapir, brevpapir, konvoiluttar og anna driftsmateriell.

#### **PRESSEKLYPP**

Noregs Mållag abonnerer på ei teneste som sender oss dei fleste presseoppslag om målsak kvar dag.

#### **PRISAR OG STIPEND**

Posten gjeld to arbeidsstipend å 50 000 kroner og litteraturprisane.

#### **LANDSMØTE**

Posten inneholder alle kostnader knytte til landsmøtet; leige av lokale, reise og opphold for styret, tilsette og gjester, og reiseutjamning til utsendingane.

#### **MØTE- OG REISEUTGIFTER**

Møte- og reiseutgifter i samband med landsrådsmøte, styremøte og andre møte og reiser.

#### **LØYVINGAR, GÅVER**

##### **2015**

Balestrand Mållag – oppstartsløyving	5 000,-
Åseral Mållag – oppstartsløyving	5 000,-
Stranda Mållag – oppstartsløyving	5 000,-
Tysvær Mållag – oppstartsløyving	5 000,-

##### **2014**

Sande Mållag – oppstartsløyving	5 000,-
Vestre Slidre Mållag – oppstartsløyving	5 000,-
Bømlo Mållag – oppstartsløyving	5 000,-

#### **LØYVING NMU**

Driftstilskot til Norsk Målungdom.

#### **MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 1:**

##### **SKULEMÅL**

Kostnader i samband med røystingar om skulemålet og anna skulemålsarbeid.

#### **MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 2:**

##### **BARN OG UNGE**

Løyving til eit barnehageprosjekt og kostnader til nye opplag av barnehagemateriellet.

#### **ORGANISASJONSTILTAK**

##### **2015**

Sunndal Mållag, vårsøgseminar	8 000,-
Juristmållaget, skriveseminar	12 000,-
Sunnmøre mållag, seminar	22 000,-
Sandnes Mållag, barnehagetiltak	15 000,-
Tromsø Mållag, verving	25 000,-
Hordaland, oppattskiping lokallag	10 000,-
Bergen Mållag	20 000,-
Volda, Ulstein, Sula og Hareid Mållag, julesonghefte	10 000,-
Osterfjorden Mållag, julesonghefte	5 000,-
Herøy Mållag, tilskiping	8 000,-
Hordaland Mållag, prosjektmedarbeidar	50 000,-
Meland Mållag, seminar	16 000,-
Naustdal Mållag, dialektbok	10 000,-

##### **2014**

Toten dialekt- og mållag, prosjekt	11 000,-
Bergen Mållag, verving	20 000,-
Nord-Aurdal Mållag, jubileum	15 000,-
Odda Mållag, verving	14 000,-
Volda Mållag, julesonghefte	5 000,-
Rogaland Mållag, seminar	21 670,-
Herøy Mållag, tilskiping	4 000,-
Sotra Mållag, barnehagetiltak	10 000,-
Austmannalaget, seminar	27 000,-
Hordaland Mållag, Bergenskonferansen	25 000,-

#### **FINANSPOSTAR**

Finansposten inneholder renteinntekter frå ymse bankkontoar og tildeling frå Fondet for norsk målreising. Utbyte på aksjane i Orkla er også med her. Renteutgifte er gebyr.

TAL I 1000 KRONER	2012 REK	2013 REK	2014 LM	REK	2015 LM	Revidert Styret	REK
<b>INNTEKTER</b>							
Sal av materiell	151	115	160	94	120	100	103
Norsk Tidend	62	90	100	87	70	80	104
Kulturlotteri	323	393	310	350	350	350	344
Medlemspengar	3451	3647	3 300	3548	3500	3502	3674
Prisar og stipend	120	120	120	120	120	120	120
Landsmøte	680	723	750	685	0	0	0
Møte-/seminarinntekter	48	0	70	36	150	54	52
Tenestesal	57	75	70	6	70	5	6
Målgåver	1168	975	1000	1002	950	970	953
Statstilskot	3881	4261	4100	4296	4250	4428	4428
Løyvingar og gåver		343	50	36	50	20	0
Prosjekt i fylkeslaga	277	225	280	291	500	392	385
Lagsinntekter, tippemidlar	0	15	0	0	0	0	734
Leigeinntekter	197	177	237	208	230	221	232
Uttak av varer	9	23	20	21	20	20	0
Mva-refusjon				444		430	428
Ymse	300	498	200	137	360	70	212
<b>Sum inntekter</b>	<b>10724</b>	<b>11680</b>	<b>10767</b>	<b>11361</b>	<b>10740</b>	<b>10762</b>	<b>11775</b>

### KOSTNADER

Materiell for sal	58	74	100	95	80	75	84
Norsk Tidend	592	706	700	719	720	730	697
Andre trykkjekostnader	62	104	100	190	100	100	93
Kulturlotteri	240	224	220	252	230	225	252
Refusjon medlemspengar	736	733	700	710	720	700	797
Løn og honorar	4307	4288	4265	4071	4450	4409	4631
Tenestesal	2	0	5	0	2	0	0
Husleige og straum	905	929	912	915	950	930	961
Presseklypp	76	70	80	74	80	76	70
Prisar og stipend	160	160	190	160	190	180	160
Drifts- og kontorutg.	1153	1284	1220	1328	1350	1430	1342
Landsmøte	902	1035	900	940	0	0	5
Styre-/landsrådsmøte	247	159	190	209	190	180	236
Seminar/konferansar	132	1	170	152	300	300	219
Andre møte og reiser	247	145	190	211	190	190	204
Prosjekt i fylkeslaga	277	225	280	291	500	392	385
Løyvingar og gåver	25	5	25	17	25	25	20
Løyving NMU	195	200	200	330	250	250	250
Satsing 1: Skulemål	304	44	220	34	180	220	54
Satsing 2: Barn og unge	33	31	60	10	50	50	28
Satsing 3: Offentleg målbruk					80	80	
Språkstafetten		689	0	147	50	90	119
Organisasjonstiltak	154	93	200	200	200	250	270
Avskrivningar, tap på krav	27	2	10	1	10	5	2
<b>Sum kostnader</b>	<b>10834</b>	<b>11201</b>	<b>10937</b>	<b>11056</b>	<b>10897</b>	<b>10887</b>	<b>10879</b>
<b>Resultat før finanspostar</b>	<b>-110</b>	<b>479</b>	<b>-170</b>	<b>305</b>	<b>-157</b>	<b>-125</b>	<b>896</b>

### FINANSPOSTAR

Utbyte	26	24	25	24	25	25	2
Aksjevinst							50
Finansinntekter	139	144	138	132	145	145	99
Finansutgifter	-24	-34	-25	-183	-25	-25	-33
Sum finanspostar	141	134	138	-27	145	145	118
<b>Ekstraord. inntekter</b>	<b>137</b>						
<b>RESULTAT</b>	<b>168</b>	<b>613</b>	<b>-32</b>	<b>278</b>	<b>-12</b>	<b>20</b>	<b>1014</b>
<b>Overført eigenkapital</b>	<b>168</b>	<b>613</b>		<b>278</b>			<b>1014</b>

# Balanse 2014

ANLEGGSMIDLAR		2013	2014
Husvære <sup>1</sup>		326 070	326 070
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>326 070</b>	<b>326 070</b>
Depositum husleige Lilletorget i	363 367	363 367	
Fondet for norsk målreising	533 000	533 000	
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>	<b>896 367</b>	<b>896 367</b>	
<b>SUM ANLEGGSMIDLAR</b>	<b>1 222 437</b>	<b>1 222 437</b>	
OMLAUPSMIDLAR			
Varer <sup>2</sup>	122 692	81 371	
Kundekrav	407 529	152 148	
Opprente inntekter <sup>3</sup>	77 815	121 980	
Forskotsbetalte driftskostnader	5 000	14 478	
Forskotsbetalt IT-støtte	48 534	48 534	
Fondet for norsk målreising	23 653	49 929	
<b>Sum krav</b>	<b>562 531</b>	<b>387 069</b>	
Luter <sup>4</sup>	219 950	66 200	
<b>Sum investeringar</b>	<b>219 950</b>	<b>66 200</b>	
Bankinnskot <sup>5</sup>	3 471 501	5 169 980	
<b>Sum bankinnskot</b>	<b>3 471 501</b>	<b>5 169 980</b>	
<b>Sum omlaupsmidler</b>	<b>4 376 674</b>	<b>5 704 620</b>	
<b>SUM EIGE</b>	<b>5 599 111</b>	<b>6 927 057</b>	

## Notar 2104

I årsrekneskapen er alle postane verdsette og periodiserte i samsvar med reglar og retningslinjer i retningskapslova og i samsvar med god retningskapskikk for små føretak. Krava er førete opp i balansen med pålydande verdi etter frådrag for konstaterte og medrekna tap.

### NOTE 1: HUSVÆRE

Husvære i Schweigaards gate 52, Oslo. Oppført verdi kr 326 070,-. Kjøpt for kr 326 070,- i 1992. Noregs Mållag hadde takst på husværet i Schweigaardsgate i februar 1999. Marknadsverdien var sett til kr 750 000,-.

### NOTE 2: VARELAGER

Noregs Mållags lager av profileringsmateriell og bøker oppført til innkjøpsverdi.

### NOTE 3: OPPTENTE INNTEKTER

Opprente inntekter inneholder utestående krav, m.a. medlemspengar frå lag med lokal innkrevjing.

### NOTE 4: LUTER

Noregs Mållag har luter i:

	Kostpris	Bokf. verdi	Likn.verdi
Det Norske Teatret 23 stk	11 200	0	0
Orkla A-aksjar 1380 stk	16 200	16 200	82 179
Dag og Tid 475 stk	10 000	0	3
Dag Bondeheim AS 150 stk	153 750	0	0
Filter AS/Norsk-PlanAS 100 stk	50 000	50 000	76 044
	241 150	66 200	158 226

Lutane i Dag Bondeheim er nedskrive til kr 0.

Den reelle verdien av lutane er høgare enn bokført verdi.

### EIGENKAPITAL

Eigenkapital	-3 102 121	-3 715 678
Resultat i perioden	-613 557	-278 337
<b>Sum opptent eigenkapital<sup>6</sup></b>	<b>-3 715 678</b>	<b>-3 994 016</b>

### SKULD

Gåve <sup>7</sup>	-1 000 000	
Husfond <sup>8</sup>	-75 000	-75 000
<b>Sum anna langsiktig skuld</b>	<b>-75 000</b>	<b>-1 075 000</b>

Leverandørgjeld	-82 497	-5 786
Skuldige medlemspengar	-841 834	-803 459
Medlemspengar neste år	-33 570	-44 460
Nedlagde/sovande lag	-98 764	-98 764
Skuldige off. avg./feriepengar	-677 790	-625 812
Anna kortsiktig skuld <sup>9</sup>	-73 978	-279 760
<b>Sum kortsiktig skuld</b>	<b>-1 808 433</b>	<b>-1 858 041</b>
<b>Sum skuld</b>	<b>-1 883 433</b>	<b>-2 933 041</b>

### EIGENKAPITAL OG SKULD -5 599 111 -6 927 057

### NOTE 5: BANKINNSKOT

Av bank- og postinnskot er kr 146 961,- bundne til skattetrekk. Depositum for lotteriet 100 000,-.

### NOTE 6 - EIGENKAPITAL

	2013	2014
Eigenkapital	3 102 121	3 715 678
Årsresultat	613 557	-278 337
<b>Sum eigenkapital 31.12</b>	<b>3 715 678</b>	<b>3 994 015</b>

### NOTE 7: LANGSIKTIG SKULD

Motteken gáve skal nyttast til spesielle føremål jf. avtale med gjevar.

### NOTE 8: HUSFONDET

Husfondet 75 000 kr.

### NOTE 9: KORTSIKTIG SKULD

Kortsiktig skuld inneholder avsetjing til lotterivinstar, avsetjing til revisjonskostnader for 2014 og kostnader i 2014 med forfall i 2015.

## Balanse 2015

ANLEGGSMIDLAR		2014	2015
Husvære <sup>1</sup>		326 070	326 070
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>326 070</b>	<b>326 070</b>
Depositum husleige Lilletorget i	363 367	363 367	
Fondet for norsk målreising	533 000	533 000	
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>	<b>896 367</b>	<b>896 367</b>	
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>1 222 437</b>	<b>1 222 437</b>	
OMLAUPSMIDLAR			
Varer <sup>2</sup>	81 371	99 400	
Kundefkrav	152 148	420 191	
Opptente inntekter <sup>3</sup>	121 980	88 240	
Forskotsbetalte driftskostnader	14 478	5 000	
Forskotsbetalt IT-støtte	48 534	48 534	
Fondet for norsk mål	49 929	49 929	
<b>Sumkrav</b>	<b>387 069</b>	<b>611 894</b>	
Luter <sup>4</sup>	66 200	16 200	
<b>Sum investeringar</b>	<b>66 200</b>	<b>16 200</b>	
Bankinnskot <sup>5</sup>	5 169 980	7 327 082	
<b>Sum bankinnskot</b>	<b>5 169 980</b>	<b>7 327 082</b>	
<b>Sum omlaupsmidler</b>	<b>5 704 620</b>	<b>8 054 576</b>	
<b>SUM EIGE</b>	<b>6 927 057</b>	<b>9 277 013</b>	

## Notar 2105

I årsrekneskapen er alle postane verdsette og periodiserte i samsvar med reglar og retningsliner i rekneskapslova og i samsvar med god rekneskapsskikk for små føretak. Krava er første opp i balansen med pålydande verdi etter frådrag for konstaterte og medrekna tap.

### NOTE 1: HUSVÆRE

Husvære i Schweigaards gate 52, Oslo. Oppført verdi kr 326 070,-. Kjøpt for kr 326 070,- i 1992. Noregs Mållag hadde takst på husværet i Schweigaardsgate i februar 1999. Marknadsverdien var sett til kr 750 000,-.

### NOTE 2: VARELAGER

Noregs Mållags lager av profileringsmateriell og bøker oppført til innkjøpsverdi.

### NOTE 3: OPPTENTE INNTEKTER

Opptente inntekter inneholder utestående krav, m.a. medlemspengar frå lag med lokal innkrevjing.

### NOTE 4: LUTER

Noregs Mållag har luter i:

	Kostpris	Bokf. verdi	Likn. verdi
Det Norske Teatret 23 stk	11 200	0	0
Orkla A-aksjar 1380 stk	16 200	16 200	95 703
Dag og Tid 475 stk	10 000	0	3
Dag Bondeheim AS 150 stk	0	0	0
	36 400	16 200	95 706

Lutane i Dag Bondeheim er nedskrive til kr 0.

Den reelle verdien av lutane er høgare enn bokført verdi.

### EIGENKAPITAL

Eigenkapital	-3 715 679	-3 994 016
Resultat i perioden	-278 337	-1 013 580
<b>Sum opptent eigenkapital<sup>6</sup></b>	<b>-3 994 016</b>	<b>-5 007 596</b>

### SKULD

Gåve <sup>7</sup>	-1 000 000	-2 017 145
Husfond <sup>8</sup>	-75 000	-75 000
<b>Sum anna langsiktig skuld</b>	<b>-1 075 000</b>	<b>-2 092 145</b>

Leverandørgjeld	-5 786	-217 938
Skuldige medlemspengar	-803 459	-876 456
Medlemspengar neste år	-44 460	-32 000
Nedlagde/sovande lag	-98 764	-98 764
Skuldige off.avg./feriepengar	-625 812	-733 751
Anna kortsiktig skuld <sup>9</sup>	-279 760	-218 363
<b>Sum kortsiktig skuld</b>	<b>-1 858 041</b>	<b>-2 177 272</b>
<b>Sum skuld</b>	<b>-2 933 041</b>	<b>-4 269 417</b>

### EIGENKAPITAL OG SKULD -6 927 057 -9 277 013

### NOTE 5: BANKINNSKOT

Av bank- og postinnskot er kr 167 288,- bundne til skattetrekk. Depositum for lotteriet 150 000,-.

### NOTE 6 – EIGENKAPITAL

	2014	2015
Eigenkapital	3 715 678	3 994 016
Årsresultat	278 337	1 051 380
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>3 994 016</b>	<b>5 007 596</b>

### NOTE 7: LANGSIKTIG SKULD

Motteken gáve skal nyttast til spesielle føremål jf. avtale med gjevar.

### NOTE 8: HUSFONDET

Husfondet 75 000 kr.

### NOTE 9: KORTSIKTIG SKULD

Kortsiktig skuld inneholder avsetjing til lotterivinstar, avsetjing til revisjonskostnader for 2015 og kostnader i 2015 med forfall i 2016.

# Kulturlotteriet 2014

## Rekneskap 2014

Inntekter	
Loddsal	349 640
<b>Sum inntekter</b>	<b>349 640</b>
Kostnader	
Vinstar	122 181
Trykking	48 938
Porto	45 392
Administrasjon	30 000
Gebyr	5 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>251 511</b>
<b>OVERSKOT</b>	<b>98 129</b>

## Inga og Gjøa Lutros legat 2014

## Rekneskap 2014

Renter 2014	15 602
Overført til Noregs Mållag	15 602

## Balanse 2014

<i>Aktiva</i>	
Bankinnskot	602 678
<i>Passiva</i>	
Legat	602 678

# Kulturlotteriet 2015

## Rekneskap 2015

Inntekter	
Loddsal	344 195
<b>Sum inntekter</b>	<b>344 195</b>
Kostnader	
Vinstar	100 497
Trykking	68 906
Porto	45 892
Administrasjon	30 000
Gebyr	6 126
<b>Sum utgifter</b>	<b>251 421</b>
<b>OVERSKOT</b>	<b>92 774</b>

## Inga og Gjøa Lutros legat 2015

## Rekneskap 2015

Renter 2015	10 126
Overført til Noregs Mållag	10 126

## Balanse 2015

<i>Aktiva</i>	
Bankinnskot	602 678
<i>Passiva</i>	
Legat	602 678

(Revisjonsmeldingane er å finne på side 66 og baketter.)



# Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

## HEIDERSMEDLEMER

Heidersmedlemer i Noregs Mållag er no:  
Torolv Hesthamar, Olga Meyer, Einfrid Perstølen,  
Bjørnar Østgård, Marie Lovise Widnes,  
Audun Heskstad, Guri Vesaas og  
Hans Olav Tungesvik.  
Heidersmedlem Berge Furre gjekk bort i januar 2016.

## STYRET OG ARBEIDSUTVALET

Styret og arbeidsutvalet har i perioden vore:  
*Leiar:* Marit Aakre Tennø (AU)  
*Nestleiar:* Sigbjørn Hjelmbrekke (AU)  
*Styremedlemer:* Janne Nygård (AU), Haakon Aase, Emil André Erstad, Ingrid Fiskaa, Karl Peder Mork (2014–2015 NMU) og Synnøve Marie Sætre (2015–2016 NMU)  
*Varamedlemer:* Bodil Vinjevoll, Randi Lohndal Frestad, Helga Hjetland og Øyvind Fenne  
*Varamedlemer NMU:* Kristofer Olai Ravn Stavseng og Kirsti Lunde

Styret har hatt 13 styremøte og handsama rundt 140 saker i perioden. Dei viktigaste sakene har vore kommunereforma, språkdelte ungdomsskular og nynorsk opplæring for vaksne innvandrarar. Styret har også lagt vinn på å legge sentrale ressursar i at den årvisse nynorskstafetten skal bli vellukka.

Arbeidsutvalet har hatt fire møte og handsama rundt 20 saker. Hovudsakleg har møta handla om planlegging av styremøte, men også nokre avgjerder i mindre saker har vore delegerte til AU. AU har hatt meir uformell e-postkontakt attåt møta.

## LANDSRÅDET

Landsrådet har hatt to møte (i november kvart år) og drøfta 11 saker. Den politiske situasjonen, kommune-reform, norskopplæringa for vaksne innvandrarar, lærarutdanninga og økonomi- og organisasjonsarbeid

i fylkeslaga har vore på saklista attåt informasjons-utveksling mellom fylkeslaga, som kvar gong er eit eige og viktig punkt.

## VALNEMNDA

Valnemnda har i arbeidsåret vore:

*Leiar:* Steinulf Tungesvik  
*Medlemer:* Magni Hjertenes Flyum, Astrid Olsen, Mats Kvaløy-Bjørbekk og Jorunn Simonsen Thingnes (NMU)  
*Varamedlemer:* Sveinung Rotevatn, Øystein Vangsnæs og Aud Søyland  
*Varamedlemer NMU:* Hans Rasmus Glomsrud og Ingrid Hovstad

## SKRIVARSTOVA

Tilsette i perioden har vore:

*Dagleg leiar:* Gro Morken Endresen  
*Økonomikonsulent:* Berit Krogh (40 %)  
*Økonomikonsulent:* Per Henning Arntsen (50 %, frå 12.01.2015)  
*Informasjons- og organisasjonskonsulent:* Hege Lothe (80 %)  
*Redaktør og informasjonskonsulent:* Kjartan Helleve  
*Organisasjonskonsulent:* Erik Grov  
*Skulemållskrivar:* Ingar Arnøy  
*Kontormedarbeidar:* Vinjar Moen (2014–2015) og Karl Peder Mork (2015–2016), både i 10–20 % som ekstra-hjelp

## NEMNDER OG UTVAL

Lista gjev eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåra 2014–2016. Funksjonsperioden står attom namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore, og den som er representant no. Reine mellombelse arbeidsnemnder og uformell representasjon er ikkje ført opp. Lista har berre med

dei representantane Noregs Mållag har oppnemnt.  
Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av arbeidsutvalet eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret.

#### NEMND FOR NYNORSK BARNELITTERATURPRIS

Anne Skaret (2012–2015)  
Margit Ims (2013–2016)  
Knut Åge Teigen (2014–2017)  
Marte Frette (2015–2018)

#### RÅDET FOR NORSK BARNEBLAD

Gudrun Kløve Juuhl (2014–2016)  
Gard Espeland (2014–2016)  
*Vara:* Synnøve Midtbø Myking (2014–2016)  
Åse Wetås (2014–2016)

#### STYRET FOR NORSK BARNEBLAD

Ingvild Kjøde (2014–2016)  
*Vara:* Magnus Bernhardsen (2014–2016)

#### NYNORSK PRESSEKONTOR

Kjetil Haanes (2013–2015)  
Eli Strand (2014–2016)  
Tom Hetland (2015–2017)  
Inger Johanne Sæterbakk (2016–2018)  
*Vara:* Sveinung Rotevatn (2013–2015)  
Sindre Humberset (2014–2016)  
Inger Johanne Sæterbakk (2015–2016)  
Jens Kihl (2016–2018)  
Svein Olav Langåker (2016–2017)

#### VESTMANNAFONDET

Åsmund Lien (2011–2015)  
Haakon Aase (2015–2019)

#### JURY FOR NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS

Sveinung Rotevatn (2014–2015)  
Magne Aasbrenn (2014–2016)  
Nina Berge Rudi (2014–2016)  
Hilde Lysengen Havro (2014–2016)  
Nina Refseth (2015–2017)  
Øystein Skjæveland (2015–2017)

#### RIKSFONDET FOR NYNORSK PRESSE

Helene Urdland Karlsen (2015–2017)  
Bjørn Karsrud (2015–2017)

#### NEMND FOR NYNORSK LITTERATURPRIS

Siri Ingvaldsen (2015–2018)

#### FONDET FOR NORSK MÅLREISING

Eva Holthe Enoksen (2015–2017)  
Jens Romslo (2015–2017)  
Erik Bolstad (2015–2017)

#### RÅDET FOR NYNORSK KULTURSENTRUM

Vidar Lund (2014–2018)  
*Vara:* Bente Riise (2014–2018)

#### VALNEMNDA FOR DET NORSKE TEATRET

Aud Søyland (2013–2016)

STIFTINGA MAGASINETT  
Hege Myklebust (2013–2015)  
Vebjørn Sture (2015–2017)

#### STIFTINGA PIRION

Hege Myklebust (2013–2015)  
Vebjørn Sture (2015–2017)

#### HALLDOR O. OPEDALS FOND

Karstein Bjørge (2012–2016)

#### SANDEFJORD OG SANDARS LEGAT

Daniel Ims (2015–2017)

#### AKADEMIFONDET I RAULAND

Sigbjørn Hjelmbrekke (2015–2017)  
*Vara:* Ågot Jordstøyl (2015–2017)

#### OSLO NYE SPAREBANKS FOND

Erik Bolstad (2014–2018)  
*Vara:* Jens Kihl (2014–2018)

#### ANNE RØFLO LONGA OG ALF ANDRE LONGVAS FOND


Janne Nygård (2015–2017)  
*Vara:* Nina Berge Rudi (2015–2017)

#### ORGANISASJONSNEMNDA

Sigbjørn Hjelmbrekke (2014–2016)  
Helen Johannessen (2014–2016)  
Kristian Fuglseth (2014–2016)  
Fredrik Hope (2014–2016)  
Synnøve Midtbø Myking (2014–2016)

#### FAGLEG UTVÅL

Terje Kollbotn (leiar) (2014–2016)  
Haakon Aase (2014–2016)  
Karl Peder Mork (2014–2016)  
Ingunn Gjerstad (2014–2016)  
Gunvor Sen (2014–2016)  
Helga Hjetland (2014–2016)  
Roald Arentz (2014–2016)



# Norsk Målungdom

Det siste året har Norsk Målungdom vakse seg større som organisasjon, og markert oss i dei språkpolitiske sakene som har vore viktige for oss. I takt med vokstren opplever vi auka arbeidsvilje, vi vil meir og set oss større mål heile tida. Det fordrar at vi har ein arbeidskapasitet som svarer til måla våre, og det arbeider vi med å få på plass.

## UTETTER

Dei siste to åra har vore prega av forventingar og førebuingar til den komande språklova. Ho lèt vente på seg. I mellomtida brukar vi tida godt, og skulerer heile organisasjonen i kva ei slik lov kan og bør innehalde. I tillegg gjer vi oss tankar om kva vi vil krevje når høyringsrundane endeleg skal byrje. I samarbeid med Noregs Mållag og andre gode krefter skal vi vere budde på å stå på for det vi meiner vil vere ei konstruktiv og demokratibygjande språklovgjeving. Elles har vi arbeidd for meir synleggjering av det språklege mangfaldet i Noreg. Norsk Målungdom har gått ut med krav og oppmodingar til både offentlege og private om å bruke nynorsk, men også samisk i dei områda det har vore relevant. Organisasjonen har delteke i det offentlege ordskiftet rundt språket i Grunnlova, pressestøtta og NRK, i tillegg til munnleg språkmangfold i førehandsinnspelte meldingar.

Elles har vi arbeidd med nynorsk i media, t.d. sett press på at VG og *Dagbladet* må oppheve nynorsk-forbodet sitt. Språklege rettar for studentar har òg vore prioritert, og vi har arbeidd mykje med å opplyse studentar om kva dei har rett på og kvifor det er viktig å hevde desse rettane. Som vanleg har vi òg delt ut dialektprisen. For 2015 gjekk han til Daniel Kvammen, som var ei sær positiv oppleving. Sjeldan har vi opplevd at ein prismottakar har vore så rørt over å motta prisen vår.

Noko av det viktigaste arbeidet vi gjer, er målferder. Vi har gått frå å telje målferdsdagar til målferdsøkter, og har hatt som mål å ha 130 økter. Gjennom dette

arbeidet når vi ut til fleire tusen elevar, som får lære og reflektere rundt den norske språkstoda på ein annan måte enn dei kanskje elles er vane med. Vi har òg, i samarbeid med Noregs Mållag, hatt gleda av å delta i Nynorskstafetten. Krona på verket er sjølv sagt gjennomslag for nynorsk Grunnlov, som Stortinget vedtok 6. mai 2014. Frå talarstolen i stortingssalen forklarte representantar kvifor dette var viktig, med god hjelp frå eit NMU-forfatta brev. Det var stort då stortingspresident Olemic Thommesen erklærte at Stortinget hadde gjort historiske vedtak, og eit samla Storting applauderte og såg opp til balkongen der representantar frå målrørsla sat.


## INNETTER

Norsk Målungdom har gjennom koordinert og gjennomført vervearbeit opplevd ein god vekst det siste året. Vi tel no 1395 medlemer. Av desse er 1004 under 26 år, altså teljande medlemer. Det er ein solid oppgang frå 2014, då vi hadde 1 294 medlemer, 983 av dei under 26 år.

Elles arbeider vi med fornying og forenkling av systema våre, og har planar om å bruke meir digitaliserte løysingar. Ein del av dette gjeld òg nye heimesider, som skal vere på plass denne våren. Sidan 2014 har organisasjonen fått ein heilt ny grafisk profil, som vi er veldig nøgde med. Ein viktig del av fornyingsarbeidet vårt er å innarbeide den nye grafiske profilen.

Økonomien vår er trøng, men stabil. Den daglege økonomistyringa er prega av struktur, kontroll og nøktern pengebruk, noko som igjen gjer det lettare å styre økonomien i berekraftig lei frametter. Mantraet vårt er at kvar krone vi sparar, kan vi bruke på nynorsk. Dette gjer sitt til at medlemene våre får mykje god språkpolitikk for kvar krone. Når det er sagt, er det avgjerande for drifta vår at vi får støtte til å halde fram og helst ekspandere arbeidet vårt.

*Medlemstal og lagsoversyn side 58.*



## Nærskylde

### Allkunne – levande leksikon

Allkunne er det einaste redigerte nettleksikonet på nynorsk. Allkunne AS er eit heileigd datterselskap av Nynorsk kultursentrum og har kontor i Ivar Aasen-tunet.

Allkunne hadde i 2015 det beste året i selskapet si historie. I 2015 publiserte Allkunne Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane i sin heilskap med 7000 artiklar og 14 000 biletar.

Allkunne har totalt om lag 22 000 kvalitetssikra artiklar innan ei rekkje fagområde: biografiar, politikk, jus, litteratur, musikk og scenekunst, naturvitenskap, historie, geografi og religion. Særleg vil vi i 2015 trekke fram nynskrivne originalartiklar om alle fylka i landet og artiklar om politiske omgrep i samband med kommune- og fylkestingsvalet.

I 2015 fekk Allkunne heilt ny utsjånd og nyoppussa nettstad med betre menyar, enklare søkefelt og integrert sok i nynorskordboka.

Allkunne vart i 2015 godkjend som digitalt hjelpemiddel for eksamen i vidaregåande skule.

Allkunne har aldri hatt større vekst og aldri hatt fleire brukarar enn i 2015. Allkunne.no er no største nettstaden i Nynorsk kultursentrum, med ein auke i unike brukarar på 39 prosent, samanlikna med året før.

Dagleg leiar og ansvarleg redaktør er Audhild Gregoriusdotter Rotevatn, og Stina Aasen Lødemel er redaksjonssekretær.

### Dag og Tid

Selskapet Dag og Tid AS gjev ut den frie og ubundne vekeavisen Dag og Tid, som særleg legg vekt på stoffområda kultur og politikk. Dag og Tid har vore i framgang gjennom mange år og nådde i 2015 det rekordhøge opplaget 10.948. Selskapet gjev av og til også ut forlagsprodukt. I 2014 kom ei oppdatert utgåve av Nøkkelen til nynorsk.

### Det Norske Samlaget

